



Rapportserie
Nr. 8 | 2019

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2019

Utgjevar: Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku)

Dato: November 2019

Ansvarleg redaktør: Ragnhild Tungesvik

Utarbeida av: Carl Endre Espeland, Margrete Søvik, Stig Helge Pedersen, Sofie Axelsen Osland og Willy Gjerde

ISSN: 2535-5961

ISBN: 978-82-93017-99-8

Rapporten kan lastas ned frå diku.no

Forord

Diku presenterer med dette Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2019, som er utarbeidd på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Oppgåva med å utvikle den årlege rapporten blei overført til Diku frå og med 2019.

Tilstandsrapporten er grunnlaget for departementet si styring av sektoren. Rapporten er også viktig i samband med ulike forvaltningsoppgåver, som ligg til Diku, NOKUT, Unit og Kompetanse Norge. Fyrst og fremst ynskjer vi likevel at skuleeigarane og skulane nyttar rapporten sjølv i arbeidet med å utvikle kvaliteten i utdanningstilboda.

Det har vore store endringar i fagskulesektoren dei siste åra, både når det gjeld skulestruktur, talet på studentar og studietilbod. Endringstakten vil halde fram. Det er eit politisk ynskje å utvikle sektoren for å svare på kompetansebehov i Noreg og det norske arbeidslivet. Fagskuleutdanningane er korte og yrkesretta utdanningar, som kan vere gode alternativ til lengre akademiske utdanningar. Mange nyttar også fagskulane for å ta etterutdanning eller spesialisering innan det feltet dei arbeider. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har gjennomført ein studie av arbeidsgjevarar sine forventningar til og erfaringar med nyutdanna frå universitet, høgskular og fagskular. Halvparten av dei spurte verksemdene svarar at dei i nokon eller stor grad vil trenge å rekruttere medarbeidarar med fagskuleutdanning dei neste fem åra.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning skal gi eit samla bilete av status for sektoren. Rapporten inneheld kapittel om skulestruktur, utdanningstilbod og studentar. Den tar også for seg økonomi og styring i sektoren. Tabellar og figurar er basert på fagskulestatistikken i Database for høgare utdanning (DBH-F), utvikla av Norsk senter for forskningsdata (NSD). For å gi eit best mogleg bilete av sektoren, har vi også inkludert korte presentasjonar av rapportar og studiar om sektoren, som har vore publisert dei siste par åra. Vi har ynskt å gjere rapporten lesarvenleg og har derfor nytta figurar i teksten som illustrasjon på trendar. Tabellgrunnlag og tidsseriar er organisert i eit vedlegg.

Vi vil retta ein stor takk til våre samarbeidspartnarar i NSD, Ole Henning Vårdal og Maren Elise Saxe, som har tilrettelagt datamaterialet, produsert tabellar og figurar og kome med mange innspel undervegs i arbeidet med analysar av materialet. Vi vil også retta ein stor takk til Magnus Strand Hauge i NOKUT, som har bidratt med tekst og analysar av årets studiebarometer for fagskulestudentar. Til slutt vil vi takke Kunnskapsdepartementet, både for oppdraget og for god dialog og samhandling undervegs i arbeidet.

Bergen 4. november 2019

Harald E. Nybølet

Direktør

Sektorbilete i tal

Fagskular	
Tal på skular:	83
Offentleg eigarskap:	43 %
Privat eigarskap:	57 %
Tal på skular med færre enn 50 studentar:	29
Tal på skular med fleire enn 500 studentar:	11
Tal på utdanningstilbod etter fagområde	
Humanistiske og estetiske fag:	93
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk:	16
Mediefag:	23
Økonomiske og administrative fag:	129
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag:	306
Helse-, sosial- og idrettsfag:	279
Primærnæringsfag:	19
Samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag:	59
Fagskulestudentar	
Tal på studentar, haust 2018:	16 701
Kvinner:	44 %
Menn:	56 %
Utanlandske statsborgarar:	442
Tal på uteksaminerte våren 2018:	6252
Kvinner:	50 %
Menn:	50 %
Fagskulestudentar fordelt på fagområde	
Humanistiske og estetiske fag:	11 %
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk:	2 %
Mediefag:	2 %
Økonomiske og administrative fag:	9 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag:	43 %
Helse-, sosial- og idrettsfag:	24 %
Primærnæringsfag:	1 %
Samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag:	8 %
Kjønnsfordeling på utvalgte fagområder	
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Menn:	92,60 %
Helse-, sosial- og idrettsfag. Kvinner:	89,90 %
Opptaksgrunnlag	
Generell studiekompetanse:	25 %
Realkompetanse:	10 %
Yrkesfagleg kompetanse:	60 %
Anna kompetansegrunnlag:	5 %
Økonomi og styring	
Offentleg tilskot til fagskuleutdanning (driftsmidlar) frå KD:	630 mill.
Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar:	105 mil.
Studentbetaling private skular:	506 mill.
Studentbetaling offentlege skular	83 mill.

Innhald

Forord	2
Sektorbilete i tal	3
Innhald	4
Figurliste	5
Tabelliste	6
Liste over tekstboksar	6
1 Innleiing	8
1.1 Lov og forskrift – høgare yrkesfagleg utdanning	8
1.2 Ei lang historie	9
1.3 Rapportens målgrupper og målsettingar	9
2 Metode og datagrunnlag	10
2.1 Datagrunnlag og datakvalitet	10
2.2 Fagkategoriar	10
3 Fagskulane	13
3.1 Fagskular og studiestader	13
3.2 Storleiken på fagskulane	16
3.3 Fagskular og eigarskap	19
4 Utdanningstilbodet	25
4.1 Variasjonar i fagområde og studielengd	25
4.2 Studiepoeng	28
4.3 Geografisk fordeling	31
4.4 Studium på heiltid og deltid	33
4.5 Stad- og nettbaserte fagskuleutdanningar	35
5 Fagskulestudentane	38
5.1 Tal på fagskulestudentar	38
5.2 Fagområde, kjønn og alder	40
5.3 Fagskulestudentar med utanlandsk statsborgarskap	45
5.4 Opptaksgrunnlag etter skuleeigarskap, alder og fagområde	45
5.5 Gjennomstrøyming	48
5.6 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular	52
6 Økonomi og styring	55
6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning	55
6.2 Skular og fagområde etter finansieringskjelder	57
6.3 Studentbetaling	60
Litteraturliste	63
Vedlegg del 1: Grunnlag for figurer i tilstandsrapporten	64
Vedlegg del 2: Tidsseriar og andre tabellar	78

Figurliste

Figur 3.1 Tal på skular (venstre akse) og gjennomsnittlege tal på studentar per skule (høgre akse) 2011-2018	13
Figur 3.2 Fagskular etter talet på studentar 2015-2018	16
Figur 3.3 Fagskular etter storleik og fylke 2018	17
Figur 3.4 Fagskular etter storleik og fagområde 2018.....	18
Figur 3.5 Tal på offentlege og private fagskular 2011-2018	19
Figur 3.6 Tal på studiestader ved offentlege og private skular 2011-2018	20
Figur 3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap. 2018.....	21
Figur 3.8 Tal på fagskular etter fylke og eigarskap 2018.....	22
Figur 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studielengd. Haust 2018	27
Figur 4.2 Samla studiepoengproduksjon for offentlege skular per fagområde 2016-2018	28
Figur 4.3 Samla studiepoengproduksjon for private fagskular per fagområde 2016-2018	29
Figur 4.4 Tal på fagskular etter fylke og fagområde. 2018	32
Figur 4.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde 2018.....	33
Figur 4.6 Heil- og deltidsutdanningar etter fagområde, haust 2018.....	34
Figur 4.7 Stad- og nettbaserte utdanningar og fagområde, haust 2018	35
Figur 5.1 Tal på studentar i offentlege og private fagskular 2013-2018.....	38
Figur 5.2 Tal på fagskulestudentar etter fylke 2018	39
Figur 5.3 Fagskulestudentar etter fagområde (prosent) 2018	40
Figur 5.4 Fagskulestudentar etter kjønn og fagområde 2018.....	42
Figur 5.5 Fagskulestudentar etter kjønn og alder 2018	43
Figur 5.6 Fagskulestudentar etter kjønn og alder: Helse-, sosial- og idrettsfag 2018	44
Figur 5.7 Fagskulestudentar etter kjønn og alder: Naturvitskapelege-, handverks- og tekniske fag 2018.....	44
Figur 5.8 Fagskulestudentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder 2018.....	46
Figur 5.9 Fagskulestudentar etter opptaksgrunnlag og fagområde 2018	47
Figur 5.10 Fullføring på normert tid og eit, to og tre år seinare for opptakskulla 2012-2015. Heiltidsstudentar	48
Figur 5.11 Fullføring i 60-studiepoengs helse- og sosialfag, deltid over to år. Opptakskulla 2012-2015	49
Figur 5.12 Fullføring i 120-studiepoengs teknisk fagskuleutdanning, deltid over tre år. Opptakskulla 2012-2015... ..	50
Figur 5.13 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon etter fagområde. Prosentdel. 2016–18	52
Figur 5.14 Fagskulestudentar seinare registrert ved UH-institusjon etter fagområde. Prosentdel. 2016–18	53
Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder rapportert til DBH-F 2018.....	55
Figur 6.2 Tilskot frå KD, fylkeskommune og skular utan tilskot. 2018.....	57
Figur 6.3 Fagskulestudentar etter fagområde og tilskot KD, fylkeskommune og skular utan tilskot. Haust 2018	58
Figur 6.4 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013-2018	60
Figur 6.5 Utdanningstilboda med høgast eigenbetaling frå studentar.....	61
Figur 6.6 Gjennomsnittleg betaling per student og semester ved dei ein-skilde private fagskulane. Haust 2018.....	62

Tabelliste

Tabell 2.1 NUS-kategoriar og beskriving av utdanningstilbod	11
Tabell 3.1 Tal på fagskular og studiestader 2018	14
Tabell 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde per år. 2013-2018	25

Liste over tekstboksar

Utdanningsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2018	15
Kompetanse og kompetansebehov ved fagskulane	24
Bransjeprogram for kompetanse i tekniske fag og helse- og oppvekstfag	26
Studiebarometeret for fagskulestudentar 2019	30
Internasjonalisering i fagskulane	37
Studentundersøking om læringsmiljø, helse og trivsel på fagskular	41
Gjennomføring i fagskuleutdanningane	51
Arbeidsgivars forventningar til fagskuleutdanna	54
Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning	59

1 Innleiing

Regjeringa har store ambisjonar for fagskulesektoren. Fagskular tilbyr korte yrkesretta utdanningar innanfor ei rekkje områder. Korte og praksisnære utdanningar svarar både på behov i arbeidslivet¹ og arbeidstakaranes behov for omskulering og kompetanseutvikling i eit omskifteleg arbeidsliv.

Fagskulesektoren har gjennomgått store endringar dei siste åra. På den eine sida har sektoren blitt meir differensiert, med fleire nye utdanningstilbod innanfor ulike fagområde. På den andre sida har talet på skular blitt redusert ved at fleire har blitt slått saman. Også framover vil det skje endringar, med etablering av fleire korte utdanningstilbod tilpassa ynskjer og etterspurnad i arbeidslivet. Det er vidare eit politisk ynskje at digitalisering skal gjere utdanningane meir tilgjengelege for folk i ulike livsfasar- og situasjonar.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning gir eit bilete av utviklinga i sektoren knytt til studentar, utdanningstilbod, undervisningsformer, infrastruktur, eigarform og finansiering m.m., med særleg merksemd på forutgåande år. Denne rapporten ser på status for 2018, men løfter også fram utviklinga over lengre tid. Før vi ser nærare på talmaterialet vil vi her i fyrste kapittel kort skildre den politiske og historiske konteksten for fagskulane.

1.1 Lov og forskrift – høgare yrkesfagleg utdanning

Ny Lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuleloven) tredde i kraft 1.juli 2018. Denne erstatta Lov om fagskoler av 2003. Med den nye loven blei reglane for fagskuleutdanning i større grad likestilte med reglane som gjeld for universitet og høgskular. Det blei gjort tydeleg at fagskuleutdanning ligg på nivå over vidaregåande opplæring. Andre viktige endringar er at fagskuleutdanning i særlege tilfelle kan gå over tre år på heiltid, og at nemninga "studiepoeng" skal brukast i staden for "fagskulepoeng". I tillegg skal fagskulane legge til rette for studentorgan, og fagskulestudentane fekk rett til permisjon ved fødsel og omsorg for barn. Fagskulane har også fått rett til å knyte seg til ein studentsamskipnad.

Ny Forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskuleforskrifta) tredde i kraft 11.juli 2019. Kunnskapsdepartementet har forskriftsfesta føresegner om opptak, handsaming av personvernopplysningar, vurdering av om studentar er skikka, unntak for treårig høgare yrkesfagleg utdanning og godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning. Opptak til offentlege fagskular skal frå 2020 bli organisert gjennom Samordna opptak ved Unit, og private fagskular kan velje å delta i det samordna opptaket.

NOKUT gjennomgår nå Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta). Styret i NOKUT skal etter planen fastsette ei revidert forskrift våren 2020, som kan tre i kraft innan 1.august 2020. Dei største endringane vil venteleg gjelde oppbygging, struktur, vilkår for akkreditering, samt føresegner som går ut fordi dei blir omtala i lov og overordna forskrift (fagskuleforskrifta).

¹ Sjå til dømes NOU 2018: 2, NHOs kompetansebarometer 2019 og Støren m.fl.. 2019.

1.2 Ei lang historie²

Fagopplæringa har ei lang historie i Noreg, med anar heilt attende til mellomalderens laugsvesen. Perioden frå slutten av 1800-talet fram mot tidleg 1900-tal var viktig, då mellom anna lærlingordninga blei lovfesta. Med det fekk næringane og deira foreiningar avgjerande innverknad på innhaldet i opplæringa.

I 1966 blei teknisk fagskule innført som ei eiga opplæringsform i forlenginga av fag- og sveinebrev. Opplæringsforma blei ikkje tydeleg plassert i utdanningssystemet og statusen var uavklart. I 2003 kom Lov om fagskuleutdanning, som plasserte fagskulane som tertiær utdanning. Ei offentleg godkjenningsordning blei etablert, og fleire fagområde enn dei tekniske blei innlemma i kategorien. Det er dei tekniske fagskulane som hovudsakeleg ligg til grunn for dagens offentlege fagskular.

I tillegg til dei offentlege skulane har det sidan 1970-tallet vakse fram ein heil del private skular, for det meste innanfor humanistiske og estetiske fag, økonomisk- administrative fag, samt helse- og oppvekstfag. I tillegg til desse består fagskulesektoren i dag av ein del skular som stammar frå alternative skular utan ei klar plassering i opplæringsystemet. Ein del skular innanfor kunst og kultur, samt bibelskular/religiøse skular som vaks fram på 1980- og 90-tallet som alternative skular, blei nøydd til å søke godkjenning som fagskule i 2007 for å få oppretthalde sin status som skule (NOU 2014: 14). Dette har bidratt til at fagskulesektoren i dag er svært mangfaldig, og ikkje alle skular har den same forankringa i arbeidslivet som dei gamle tekniske fagskulane.

1.3 Rapportens målgrupper og målsettingar

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning er ein viktig reiskap for Kunnskapsdepartementet for å styre fagskulesektoren. Rapporten vil også vere eit viktig grunnlag for Diku, NOKUT, Unit og Kompetanse Norge i forvaltningsarbeidet knytt til fagskulane.

Ei like viktig målsetting med rapporten er det å nå ut til eit breiare publikum med interesse for fagskular, som arbeidslivsaktørar, kommunar, fylkeskommunar og skulane sjølve. Vi ynskjer at rapporten skal fremje interesse for sektoren, at bruk av materialet kan spele inn til vidare utvikling av datagrunnlaget framover, og ikkje minst at skular og fylke kan gjere bruk av rapporten i arbeidet med å styrke kvaliteten i utdanningane.

² Basert på Nyen og Tønder 2014.

2 Metode og datagrunnlag

2.1 Datagrunnlag og datakvalitet

Datagrunnlaget i tilstandsrapporten er henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning, som er samla inn av NSD - Norsk senter for forskningsdata. Telletidspunkt for studentrapporteringa er 1.oktober og 1.mars, med rapporteringsfrist 15.mars og 15.august. Når det gjeld økonomidata så er det rapporteringa frå fylkeskommunane med frist 15. april som ligg til grunn for tala i tilstandsrapporten.

Den fyrste rapporteringa frå fagskulane til fagskulestatistikken i DBH (DBH-F) var i 2011. Dei fyrste åra var datakvaliteten usikker for fleire av variablane. Dette er vanleg for ny statistikk, og kan mellom anna skuldast eit nytt og ukjent rapporteringsformat. Fagskulesektoren er også svært heterogen, med mange små og spesialiserte skular. Standardiserte omgrep og kategoriar kan passe dårleg med ein kompleks realitet. Liten administrativ kapasitet ved små skular kan også verke inn på kvaliteten i rapporteringa.

Data for dei siste fem åra held, ifølgje NSD, jamt over god eller tilfredsstillande kvalitet. Eit område som framleis skil seg ut som utfordrande, er gjennomstrøyming. Fleire faktorar forårsakar dette: det har vore utfordringar knytt til å fange opp studentar som byrjar etter telletidspunkta, og NSD mottar ikkje informasjon om studentar som avbryt studiet eller tar permisjon. Vidare kan studentar som skifter studium og fullfører det på normert tid, bli rapporterte som fråfalne på studiet dei starta med. Ikkje minst er det mange fagskulestudentar som berre tar enkeltemne for å heve kompetansen sin på eit avgrensa område. Dei har ikkje intensjonar om å fullføre eit heilt fagskulestudium. Dei blir like fullt rapportert inn som fråfalne.

2.2 Fagkategoriar

Alle utdanningstilbod som er godkjende av NOKUT blir tildelt ein kode gjennom Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt klassifikasjonssystem for utdanningar, Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS).³ Koden gir opplysningar om kva fagområde utdanningstilbodet høyrer inn under.

For mange av fagskulane sine utdanningstilbod er NUS-kodane lite eigna. Kodane kan gi inntrykk av at det finst fagtilbod i fagskulesektoren, som ikkje finst i røynda. Det er til dømes ingen fagskular som tilbyr idrettsfag eller lærarutdanning. Mange av fagskulane sine utdanningstilbod er også svært spesialiserte og kan av den grunn vere veldig ulike andre utdanningstilbod innanfor same kategori. Kategoriane kan såleis gi inntrykk av fagleg slektskap som ikkje finst.

Trass i slike manglar er fagområde i DBH-F angitt med NUS-koder. Ein fordel er at dette opnar for samanlikning på tvers av utdanningssektorar. NUS-kodane er nytta også i denne tilstandsrapporten, men Diku vil ta initiativ overfor andre aktørar for å sjå om det er høve til å utvikle kategoriar som er betre eigna for fagskulesektoren.

³ Utdanningstilbod er termen NSD bruker på NOKUT-godkjente fagskuletilbod. Sjå <https://dbh.nsd.uib.no/fagskole/dokumentasjon/tabell.action?tabellId=521>

Vi har laga ein tabell som viser typiske døme på utdanningstilbod som er gruppert i dei ulike NUS-kategoriene med underliggende faggrupper. NUS-teksten er fagskulane sine egne skildringar av utdanningstilboda. Tabellen illustrerer korleis nokre av kategoriene dekkjer svært ulike typar av utdanningstilbod.

I vedlegg Del 2 V15 er det eit komplett oversyn over alle utdanningstilbod som er registrert under fagområda. Dette er basert på ein NUS-tekst (fagskulane sine eigen omtale av det enkelte utdanningstilbodet) og data frå DBH-F. Til saman er det registrert 1005 ulike utdanningstilbod fordelt på 211 NUS-tekst kategoriar. For enkelte andre visningar av studietilbod i NSD sin offentlege portal for fagskulestatistikk er det registrert 1037 studietilbod i 2018. For å finna døme på dette, sjå visning per skule eller fylke. Enkelte av kategoriene har så mange som 35-45 registrerte utdanningstilbod, men det er også NUS-tekst kategoriar som berre har nokre få eller eitt enkelt utdanningstilbod.

Tabell 2.1 NUS-kategoriar og beskriving av utdanningstilbod

NUS fagområde og faggruppe	Oppsummering av NUS-tekst
Humanistiske og estetiske fag	
Religionsutdanningar	Frelsesarmeens offisersutdanning, kyrkjelyds- og misjonsarbeid, tverrkulturell forståing/internasjonalt arbeid
Musikk, dans og drama	Musikkteater, stuntskodespelar, dans
Bildande kunst og kunsthåndverk	Mote, design, foto, kunsthåndverk, grafisk design, 3D design og animasjon, speldesign, interiør, blomsterfag
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	
Utdanningar i pedagogikk	Spesialpedagogikk og fleirkulturelt arbeid, arbeid med språk, fleirspråklegheit og fleirkulturell kompetanse i barnehagen
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk, andre	Rettleiing av lærlingar for instruktørar og faglege leiarar
Mediefag	
Medie- og informasjonsfag	Film
Økonomiske og administrative fag	
Økonomisk-administrative fag	Regnskap og økonomi, lønn, prosjektleiing, arbeidsleiing (til dømes kantine, butikk, sal)
Handel og marknadsføring	Reklame, marknadsføring
Kontorfag	Advokatassistent, sekretær, kontor, sal- og serviceleiing, reiseliv
Hotell- og reiselivsfag	Resepsjonsleiing, lageradministrator
Økonomiske og administrative fag, andre	Saksarbeidar
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	
Fysiske og kjemiske fag	Prosessteknikk
Informasjons- og datateknologi	Informasjons- og datateknologi
Utdanningar i elektrofag, mekaniske fag og maskinfag	Elektrofag, elektronikk, kulde- og varmepumpeteknikk, lyd- og musikkproduksjon, maskinteknikk, sveiseteknikk, digitalisering og automasjon, robotteknologi


Bygg- og anleggsfag	Anlegg, bygg, forvaltning/drift/vedlikehold, klima/energi
Fabrikasjon og utvinning	Vin og brennevin, matkultur, lokalmat, boreteknologi, brønnservice, havbotninstallasjonar
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, andre	Dykking, vaktmeister, prosessindustri, berekraftig utvikling
Helse-, sosial- og idrettsfag	
Pleie- og omsorgsfag	Barsel- og barnepleie, kreftomsorg, rehabilitering
Sosialfag	Miljøarbeid (til dømes med rus, psykisk helsearbeid og mennesker med funksjonsnedsetting), oppvekstfag
Terapeutiske fag	Massasjeterapi
Helse-, sosial- og idrettsfag, andre	Barn med særskilte behov, demensomsorg, aldring, helseadministrasjon, helsefremjande arbeid i oppvekstsektoren, soneterapi, ernæring, migrasjonshelse
Primærnæringsfag	
Fiske og havbruk	Akvakultur
Jordbruk	Økologisk landbruk
Gartneri og hagebruk	Park, hagedrift, gartner med antikvarisk kompetanse, drift av uteområde
Primærnæringsfag, andre	Ridelærar, travtrenar, kornproduksjon, planteproduksjon, sauehold, mjølkeproduksjon
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	
Samferdsel	Lokomotivfører, trafikkflygar - helikopter, dekksoffiser, logistikk, transportadministrator
Sikkerheit	Helse, miljø og tryggleik
Andre servicefag	Make-up artist, negleteknikar

3 Fagskulane

3.1 Fagskular og studiestader

I 2018 var det registrert 83 fagskular i heile landet. Talet på fagskular har i fleire år gått ned. Grunnen til denne nedgangen er at fagskular er blitt slått saman eller lagd ned. Talet på studentar har i same periode auka, slik det går fram av figur 3.1. Hovudtendensen er såleis færre og større skular. Sjå vedlegg Del 1 V3.1 for datagrunnlag.

Figur 3.1 Tal på skular (venstre akse) og gjennomsnittlege tal på studentar per skule (høgre akse) 2011-2018



Kjelde: NSD

Fagskulane er registrert etter kva fylke hovudkontoret ligg i. Nokre fagskular har fleire studiestader, også i andre fylker. Det samla talet på studiestader i 2018 var 155. Flest fagskular og studiestader er det i fylker med store byar og tettstader. Oslo ligg på topp, med 19 registrerte fagskular og 25 studiestader, som vi ser i tabell 3.1. Det er viktig å hugse at fleire utdanningstilbod er reine nettbaserte tilbod, som er tilgjengelege i heile landet. Dei fleste skulane med reine nettbaserte utdanningstilbod har adresse i Oslo.

Tabell 3.1 Tal på fagskular og studiestader 2018

Fylke	Fagskular	Studiestader
Østfold	4	7
Akershus	5	12
Oslo	19	25
Hedmark	2	6
Oppland	3	3
Buskerud	2	7
Vestfold	6	9
Telemark	1	6
Aust-Agder	2	3
Vest-Agder	3	7
Rogaland	6	11
Hordaland	4	15
Sogn og Fjordane	1	2
Møre og Romsdal	3	5
Trøndelag	11	16
Nordland	6	13
Troms	3	5
Finnmark	2	3
Sum	83	155

Kjelde: NSD

Utdanningsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2018

I oppfølginga av Meld. St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning*, oppretta regjeringa ein utdanningskvalitetspris for høgare yrkesfagleg utdanning. Prisen blei delt ut fyrste gong i 2017, av NOKUT. Frå og med 2018 blei forvaltninga av prisen flytta til Diku.

Føremålet med prisen er å påskjønne framifrå arbeid med utdanningskvalitet i norsk høgare yrkesfagleg utdanning, og stimulere institusjonane og fagmiljøa til systematisk arbeid med å vidareutvikle kvaliteten på utdanningane sine. Dette er ein parallell til høgare utdanning, der det i mange år har vore delt ut ein utdanningskvalitetspris.


Prisen blir delt ut kvart år og er på éin million kroner. I 2018 gjekk prisen til Fagskolen Innlandet for deira satsing på "Industri 4.0". Prosjektet si faglege grunngeving ligg i fenomenet «Industri 4.0», som er kjenneteikna av integrasjon mellom digitalisering og fysisk produksjon og tenesteyting. Tiltaket blei etablert gjennom tett samarbeid med næringslivet i regionen, kor det er inngått samarbeidsavtaler med bedrifter i ei regional industriklynge. Kjernen i prosjektet har vore å utvikle innhaldet i fagutdanningane, og målet har vore å operasjonalisere «Industri 4.0» i den daglege utdanningspraksisen.

3.2 Storleiken på fagskulane

Det er stor skilnad i storleiken på fagskular. Talet på skular og studiestader speglar derfor ikkje åleine storleiken på fagskulesektoren i eit fylke. Kor mange studentar som er registrert i dei ulike fylka, blir omtala i kapittel 5.

Dei fleste fagskulane er små. I 2018 hadde meir enn halvparten av skulane 100 elevar eller færre. Berre elleve skular hadde fleire enn 500 studentar. Ser vi på figur 3.2, er tendensen også klar over tid: skular som har 100 studentar eller færre har vore i fleirtal dei siste fire åra. Grunna samanslåingar og oppkjøp blant dei private skulane har det blitt nokre fleire større skular det siste året, i gruppa som har mellom 501 og 1000 studentar. For detaljerte data om tal på fagskulestudentar per fagskule dei siste tre åra, sjå vedlegg Del 2 V16 for dei private skulane og Del 2 V17 for dei offentlege.


Figur 3.2 Fagskular etter talet på studentar 2015-2018



Kjelde: NSD

Figur 3.3 viser storleiken (studenttalet) og talet på fagskular i dei ulike fylka. Telemark og Sogn og Fjordane har ein fagskule kvar, men kvar av desse er til gjengjeld større enn dei to fagskulane i Finnmark til saman. Hordaland har berre fire fagskular, men ein av desse er ein stor skule med fleire enn tusen studentar. Også Oppland og Vest-Agder har ein skule kvar med over tusen studentar. Oslo er fylket som har flest fagskular, både fleire små og fleire relativt store. Sjå vedlegg Del 1 V3.3 for tilsvarende data i tabell.

Figur 3.3 Fagskular etter storleik og fylke 2018




Merknad: Fylkesvise figurar og tabellar i Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning er sortert etter fylkesnummer. Storleiken er kategorisert på grunnlag av studenttal.

Kjelde: NSD

Figur 3.4 viser fagskulane etter storleik (studenttal) og fagområde. Det er i stor grad små fagskular med 100 eller færre studentar som har utdanningstilbod innan kategorien humanistiske og estetiske fag. Utdanningstilbod innan kategoriane helse-, sosial- og idrettsfag, samt samferdsel-, tryggleiksfag og andre servicefag finst i hovudsak ved mellomstore og store fagskular. Den største gruppa av utdanningstilbod, som er innan kategorien naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag, fordeler seg jamnare mellom små, mellomstore og store skular. Sjå vedlegg Del 1 V3.4 for data i tabell.

Figur 3.4 Fagskular etter storleik og fagområde 2018



Merknad: Storleik er kategorisert på grunnlag av studenttal.


Kjelde: NSD

3.3 Fagskular og eigarskap

I 2018 var 57 prosent av fagskulane private. Nedgangen i talet på skular har vore størst blant dei private, slik det går fram av figur 3.5. Grunnen til dette er som tidlegare nemnt samanslåingar eller nedleggingar.

Talet på private skular gjekk ned frå 70 i 2011 til 47 i 2018. Talet på offentlege skular gjekk i same periode ned frå 46 til 36. Med desse endringane er skilnaden i talet på offentlege og private skular blitt mindre. Dei siste fire åra har prosentdelen private fagskular vore mellom 54 og 57 prosent. Sjå vedlegg Del 1 V3.5 for data i tabell.


Figur 3.5 Tal på offentlege og private fagskular 2011-2018



Kjelde: NSD

Talet på studiestader har hatt ei meir ujamn utvikling i perioden, som vist i figur 3.6. Ved dei offentlege fagskulane har tendensen samla vore ei auke i talet på studiestader. Ved dei private fagskulane har det etter ein periode med markert auke vore ein nedgang sidan 2014. Sjå vedlegg Del 1 V3.6 for meir detaljerte tal.


Figur 3.6 Tal på studiestader ved offentlege og private skular 2011-2018



Kjelde: NSD

Innan dei ulike fagområda er fordelinga mellom offentlege og private skular svært variert. figur 3.7 viser tal på offentlege og private skular med utdanningstilbod innanfor dei ulike fagområda. Dei fleste skulane med studietilbod i kategorien naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag er offentlege. Dette er i stor grad tekniske fagskular, som utgjer den største og eldste delen av fagskulesystemet. Skular med utdanningstilbod i kategoriane humanistiske og estetiske fag, økonomiske og administrative fag, mediefag og lærarutdanning/pedagogikk, er i hovudsak private. Mange av desse er nyare og blei etablert etter innføringa av fagskuleloven i 2003, som opna for fleire typar fagskular.

Figur 3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap. 2018




Merknad: Figuren visar tal på skular som tilbyr utdanningstilbod innan dei ulike fagområdene. Derfor blir summen av skular her 146 som er høgare enn talet på fagskular i 2018 (83).

Kjelde: NSD


Det er også skilnader mellom fylka når det kjem til eigarskap i sektoren. Dette går fram av figur 3.8. Medan alle fagskulane i dei tre nordlegaste fylka, samt Telemark og Sogn og Fjordane er offentlege, er alle fagskulane i Akershus private. Oslo utmerkar seg også med at dei aller fleste fagskulane er private. Sjå også kartet på side 23, som viser fordelinga av offentlege og private fagskular i Noreg og vedlegg Del 1 V3.8 som viser data i tabell.

Figur 3.8 Tal på fagskular etter fylke og eigarskap 2018



Kjelde: NSD

Kart: Geografisk plassering av offentlige og private fagskular



Sjå også NOKUT sitt digitale kart over fagskular i Noreg:
<https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/temasider-om-kvalitet-i-fagskoleutdanning/>

Kompetanse og kompetansebehov ved fagskulane

Kompetanse frå arbeidslivet tilleggas stor vekt i fagskulane. For å bli tilsett møter lærarane krav om oppdatert og relevant yrkeserfaring og solid fagkunnskap. Kompetansekrava til undervisningspersonalet definerast i Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta). Den mest oppdaterte gjennomgangen av fagkompetansen til lærarane ved fagskulane er gjort av OsloMet i 2018 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (Lyckander og Grande 2018).

Resultata i rapporten er basert på ei spørjeundersøking i 2018 til 1 316 tilsette ved 77 fagskular. Undersøkinga fekk svar frå 853 lærarar og leiarar. Dei viktigaste resultata frå undersøkinga var at førskulelærarane har høgare formell kompetanse enn krava i fagskuletilsynsforskrifta.

Nær 90 prosent av dei fagtilsette har høgare utdanning. Berre to prosent har lågare utdanningsnivå enn minimumskravet. Rapporten peikar likevel på skilnader mellom fagområda. Humanistiske og estetiske fag har flest lærarar med mastergrad samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag har flest lærarar med utdanning på fagskulenivå. Innanfor det største fagområdet, naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, er det lik fordeling mellom bachelor og masternivå blant lærarane. Begge gruppene ligg på 35 prosent.

70 prosent av dei som har svara på undersøkinga har pedagogisk utdanning. Tal på fagtilsette med pedagogisk utdanning er enda høgare i offentlege fagskular. I dei private fagskulane har under halvparten av lærarane pedagogisk utdanning. Lærarar utan fast tilsetting og i lågare stillingsprosent manglar i større grad pedagogisk utdanning.

Ein tredjedel av deltakarane i undersøkinga har tatt vidareutdanning dei siste tre åra. Dette er fleire enn for lærarane i vidaregåande skule. Samarbeid med kollegaer og med bransjen, samt kurs og utviklingsarbeid ved fagskulen er aktivitetar som blir nytta for å holde fagkompetansen oppdatert. Hospitering i arbeidslivet nyttar ein derimot i liten grad. Fagskulelærarane skildrar sin eigen kompetanse som «i stor grad» eller «i nokon grad» oppdatert for undervisning i fagskulen. Dei uttrykker mindre behov for kompetanseutvikling enn yrkesfaglærarane i vidaregåande skule gjer i tilsvarande kartleggingar.

Fagskulelærarane oppgir størst behov for kompetanseutvikling knytt til ny teknologi/digitale verktøy. Dei uttrykker i mindre grad behov for pedagogisk orienterte tema som vurdering, klasseleiing og rettleiing. Blant lærarane som ikkje har pedagogisk utdanning er det stor interesse for å delta på eit nytt studium i pedagogikk for fagskulelærarar. Dette studiet hadde oppstart hausten 2019, med 69 søkjarar.

Lærarane i private fagskular oppgir i større grad enn lærarane i offentlege skular at dei samarbeider med bransjen. Dei private fagskulane har også fleire lærarar som vurderer sin eigen fagkompetanse som i stor grad oppdatert for undervisning. Ein del av denne skilnaden kan forklarast med at fleire av lærarane i dei private skulane har delt stilling og arbeider innan relevant arbeidsliv.

Kandidatundersøkinga frå 2015 viser at tidlegare studentar i all hovudsak er samde i at lærarane hadde god innsikt i kompetansen som trengs i arbeidslivet og at undervisninga ga eit godt grunnlag for vidare læring i arbeidslivet (Caspersen m.fl. 2017).

4 Utdanningstilbodet

4.1 Variasjoner i fagområde og studielengd

Utdanningstilbodet ved fagskulane er mangfaldig. Det spennar over svært ulike fag- og yrkesområdar, frå elektromontør, maskinist og styrmann til negledesignar og misjonsverksemd. Eit sentralt kriterium for å akkreditere ein fagskule er at utdanninga er yrkesrelevant. Utdanningstilboda har ein lengd på mellom eit semester og to år, dvs. mellom 30 og 120 studiepoeng. Dette er regulert i fagskuleloven. Fleire utdanningar gir tilgang til regulerte yrker medan andre ikkje gjer formell kompetanse knytt til eit bestemt yrke. Mange fagskulestudentar tar berre ein skilde emne for å få ei fordjuping eller spesialisering innan eit felt som er knytt til arbeidet dei allereie har.

Om vi ser på fagskuleutdanningane etter Norsk Standard for Utdanningsgruppering (NUS), så er det kategoriane naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag, helse-, sosial- og idrettsfag og økonomiske og administrative fag som har flest utdanningstilbod. På topp ligg kategorien naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag, med 306 registrerte utdanningstilbod i 2018.

Kategorien humanistiske og estetiske fag rommar i hovudsak kunst- og estetiske fag (husflid, foto, interiør, teikning) men også misjonsarbeid og musikk, dans og drama. Kategorien mediefag inneheld ulike utdanningstilbod innan film. I kategorien lærarutdanningar og pedagogikk finn ein to ulike typar utdanningstilbod, nærare bestemt språk og fleirkulturell opplæring i barnehagen og rettleiing av lærlingar. Kategorien samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag dekker så ulike utdanningstilbod som dekksoffiser og pleie av hår og skjønnheit.

Tabell 4.1 viser utviklinga i talet på utdanningstilbod i perioden 2013 til 2018. Økonomiske og administrative fag peiker seg ut med ei kraftig reduksjon i talet på tilbod. Dette må truleg sjåast i samheng med låg etterspurnad i arbeidsmarknaden.

Tabell 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde per år. 2013-2018

Fagområde	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Humanistiske og estetiske fag	129	167	130	118	115	93
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	1	2	4	8	17	16
Mediefag	42	49	41	33	23	23
Økonomiske og administrative fag	789	576	467	321	136	129
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	285	302	284	301	338	306
Helse-, sosial- og idrettsfag	191	203	255	248	337	279
Primærnæringsfag	11	10	17	18	19	19
Samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag	54	44	64	62	54	59
Sum	1502	1370	1323	1161	1039	924

Kjelde: NSD

Bransjeprogram for kompetanse i tekniske fag og helse- og oppvekstfag

Som ein del av regjeringas kompetansereform utvikla regjeringa i samarbeid med partane i arbeidslivet eit treparts bransjeprogram. Ordninga er ein pilot. Målet er å svare på behova for auka kompetanse hos arbeidstakarar i møte med eit arbeidsliv i stadig raskare endring, mellom anna på grunn av digitalisering og internasjonal konkurranse.


Som ein start blei det i 2018 løyvd pengar til å starte opp forsøk i industri- og byggenæringa, og innanfor den kommunale helse- og omsorgstenesta. Fagarbeidarar, som det er mange av i desse bransjane, tar relativt lite etter- og vidareutdanning, mellom anna fordi fagskulane ikkje har hatt tilbod om tilrettelagte korte løp.

Sentralt i ordninga med bransjeprogram er utviklinga av kortare og meir fleksible utdanningstilbod, der opplæring lettare kan kombinerast med arbeid. Sjølv om mange har behov for kompetanseheving er det ikkje alle som har behov for, eller ressursar til, å ta ein heil fagskulegrad. Målet med dei nye korte modulane er at fagarbeidaren skal kunne få oppdatert kompetansen sin på sitt arbeidsområde.

Partane for industri- og byggenæringa peika ut modulbasert fagskuleutdanning for fagarbeidarar som satsingsområde. Det blei sett ned lokale grupper med arbeidsgjevar, arbeidstakar og fagskule som saman utvikla modulane, og blei samde om rammene for undervisningsopplegget. Hausten 2019 er det etter planen fem ulike fagskular som gjennomfører 13 modular à 10 studiepoeng med om lag 300 deltakarar. Pilotane skal danne modellar for vidare utvikling av tilbod, også innanfor andre fag og bransjar.

Figur 4.1 viser utdanningstilbud etter studielengd. Vi ser at utdanningstilboda i naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag i stor grad er toårige. Helse-, sosial- og idrettsfag varer i hovudsak eitt år, medan utdanningstilboda innan økonomiske og administrative fag i hovudsak er halvårlege. Samstundes er det eit fleirtal av fagområda som har utdanningstilbud med varierende studielengd, frå 0,5 år til 2 år. For data i tabell sjå vedlegg Del 1 V4.1.

Figur 4.1 Utdanningstilbud etter fagområde og studielengd. Haust 2018




Kjelde: NSD

4.2 Studiepoeng

Figur 4.2 viser samla studiepoengproduksjon ved dei offentlege fagskulane i perioden 2016-2018. Vi ser at ved dei offentlege skulane er studiepoengproduksjonen sterkt konsentrert innan naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, med godt over 200 000 studiepoeng kvart av dei tre siste åra. Også innanfor kategoriane samferdsel-, tryggleiksfag og andre servicefag og helse-, sosial- og idrettsfag er det markert høgare studiepoengproduksjon enn innanfor dei andre fagkategoriane, både med om lag 32 000 studiepoeng i 2018. Dette mønsteret samsvarer med talet på studieplassar og lengda på studiane innan dei ulike fagkategoriane.

Etter helse-, sosial- og idrettsfag følgjer økonomiske og administrative fag, med under 2 000 studiepoeng i 2018 og under 1000 i 2016. Humanistiske og estetiske fag har 420 studiepoeng medan lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk 400 studiepoeng i 2018. Dei er altså knapt synlege i figuren. Sjå vedlegg Del 1 V4.2 for meir detaljerte data om studiepoengproduksjon per fagområde for dei offentlege fagskulane.


Figur 4.2 Samla studiepoengproduksjon for offentlege skular per fagområde 2016-2018



Kjelde: NSD

Dei private fagskulane har ei langt jamnare fordeling av studiepoengproduksjon mellom fagkategoriane, men også her er det skilnader. Sjø figur 4.3. Klart høgast studiepoengproduksjon er det i kategorien humanistiske og estetiske fag, med nær 93 000 studiepoeng kvart av dei tre åra. Deretter følgjer kategorien helse-, sosial- og idrettsfag. Her blei det produsert nær 55 000 studiepoeng i 2018, ei klar auke frå dei to tidlegare åra. I kategorien økonomiske og administrative fag blei det produsert nærare 40 000 studiepoeng i 2018, og i kategorien naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag nær 33 000 studiepoeng. Sjø vedlegg Del 1 V4.3 for detaljerte data om studiepoengproduksjon per fagområde for dei private fagskulane.

Figur 4.3 Samla studiepoengproduksjon for private fagskular per fagområde 2016-2018



Kjelde: NSD

Studiebarometeret for fagskulestudentar 2019

I 2019 gjennomførte NOKUT for andre gong ei nasjonal undersøking om studiekvalitet i fagskulane. Undersøkinga blei sendt til rundt 15 000 fagskulestudentar. Nær 7 000 svara (om lag 45 prosent). Eit hovudresultat i undersøkinga er at fagskulestudentane jamt over er godt tilfredse med utdanningstilboda i fagskulane. Det er likevel skilnader mellom fagområda, eller det NOKUT kallar «utdanningstype» (NOKUT har sett til NUS-kodeverket, men gjort tilpassingar for at kategoriane skal gi meir mening for fagskulesektoren). Mest tilfredse er studentane på det NOKUT kallar helse-, oppvekst- og sosialfag. På ein skal frå 1 til 5, der 5 er «svært tilfreds», ligg snittscoren på 4,4 for studentar på desse faga. I den store kategorien tekniske fag er scoren 3,8. Data/IT kjem dårlegast ut, med 3,6.

Mest tilfredse er studentane med det sosiale og faglege miljøet ved skulane, studiets evne til å inspirere, vurderingsformer og sitt eige engasjement. Minst tilfredse er dei med mogelegheita for medverknad, fysisk læringsmiljø/infrastruktur og studiets tilknytning til arbeidslivet.

Når det gjeld arbeidslivstilknytninga er dei fleste studentane samde i at studiet gir kompetanse som er relevant for arbeidslivet (snittscore 4,3). I noko mindre grad meiner dei at studiet gir kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet (snittscore 3,9). Det som særleg trekk ned snittet for arbeidslivstilknytning er i kva grad det blir lagt til rette for å knyte kontaktar med arbeidslivet (snittscore 3,1).

Det er skilnader mellom utdanningstypene når det gjeld tilfredsheit med arbeidslivstilknytninga. Studentar innan kreative fag er minst samde i at dei får kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet, sjølv om det er store skilnader mellom dei kreative faga i svara her. Dei er noko meir positive til kontakten med arbeidslivet under studiet. For studentar innan tekniske fag, IT-fag og samferdselsfag er det motsett. Dei er meir positive til arbeidslivsrelevansen og høve til å gå rett ut i arbeid, men mykje mindre positive til arbeidslivskontakten under studiet. Studentar innan helse-, oppvekst- og sosialfag, primærnæringsfag og servicefag er jamt over mest nøgd med ulike aspekt ved arbeidslivstilknytninga. Dei som har hatt praksis er jamt over godt tilfredse. Når det gjeld praksisopplærings relevans for utdanninga er snittscoren 4,4.

Under spørsmåla om tilfredsheit med undervisninga er det høgast score på at undervisninga legg opp til aktiv studentdeltaking og at undervisninga dekkjer sentrale delar av pensum (begge med snittscore på 4). Lågast score finn ein på spørsmåla om i kva grad lærarane gjer undervisninga engasjerande (snittscore 3,7) og om studentane får tilstrekkeleg tilbakemelding frå lærarane på arbeidet (snittscore 3,6).

Også når det gjeld kor tilfredse ein med undervisninga er det store skilnader mellom utdanningstypene. Dei mest positive studentane finn ein innan helse-, oppvekst- og sosialfag, primærnæringsfag, kreative fag, servicefag og økonomiske og administrative fag. Studentane på IT-fag, tekniske fag og samferdselsfag er noko mindre positive.

Studiebarometeret for fagskulestudentar 2019 (forts.)

På spørsmål om kva undervisnings- og arbeidsformer som blir nytta, hadde ein svaralternativ på ein skala frå 0 til 3, der 0 tyder «ikkje i bruk» og 3 tyder «mykje i bruk». Undervisningsformene som er klart mest nytta er vanleg undervisning i klasserom og skriftlege arbeid til innlevering. Andre undervisnings- og arbeidsformer som blir relativt ofte nytta er sjølvstendig arbeid, prosjektarbeid, rettleiing, studentrepresentasjonar og grupper utan lærar. Former som blir relativt lite nytta er blant anna felt- og laboratoriearbeid, rollespel, besøk på arbeidsplassar, praksis og quiz.


Studentane er jamt over tilfredse med måten skulane organiserer studia på. Høgast score får den faglege samanhengen mellom emna i studiet (snittscore 3,9). Lågast score får skildringane av læringsutbyte for emna (snittscore 3,5).

4.3 Geografisk fordeling

Det er fagskular og utdanningstilbod i alle fylke. Ser vi på tal for skular per fylke og fagleg breidd er det størst tilbod i Oslo. Som tidlegare omtala er det verdt å merke seg at mange av skulane i Oslo tilbyr nettstudium, som har studentar frå heile landet. I fylke som Finnmark, Buskerud, Aust-Agder, Telemark og Sogn og Fjordane er det berre tilbod innan to fagområde. I Troms er det fagskular som dekker tre ulike fagområde, medan det i dei resterande fylka er frå fire fagområde og oppover. I figur 4.4 ser vi tal på fagskular fordelt etter fylke og fagområde. Sjå vedlegg Del 1 V4.4 for detaljerte data i tabell.

Dei fagområda som har utdanningstilbod i stort sett heile landet er dei tekniske faga, helse-, sosial- og idrettsfaga, samt dei humanistisk-estetiske faga. Også samferdsel-, tryggleiksfag og servicefag finst i mange fylke.

Figur 4.4 Tal på fagskular etter fylke og fagområde. 2018



Kjelde: NSD


Merknad: Hum.es.: Humanistiske og estetiske fag, Ped: Lærorutdanningar og utdanningar i pedagogikk, Media: Mediefag (NUS-kategori er Samfunnsfag og juridiske fag), Øk.adm.: Økonomiske og administrative fag, Tek: Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, HS: Helse-, sosial- og idrettsfag, Primær: Primærnæringsfag, SS: Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag

4.4 Studium på heiltid og deltid

Høgare yrkesfagleg utdanning skil seg frå anna utdanning ved at mange studerer på deltid, i alt 62 prosent av studentane i 2018. Dette kjem av at studentane ofte ynskjer eit kompetanseløft i samband med ein jobb dei allereie har.⁴

Figur 4.5 viser talet på studentar på heiltid og deltid etter fagområde. Innanfor fagområda samferdsels-, sikkerheitsfag og andre servicefag, mediefag og humanistiske og estetiske fag studerer dei fleste på heiltid. Innanfor dei andre fagområda er det flest på deltidsstudium. Innan helse-, sosial- og idrettsfag og lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk er det berre studentar på deltidsstudium. Sjå vedlegg Del 1 V4.5 for tabell.

Figur 4.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde 2018




Kjelde: NSD

⁴ Om fagskulestudentanes motivasjonar for utdanninga, sjå Høst m.fl. 2018 og Caspersen m.fl. 2017.

Figur 4.6 viser fordeling av utdanningstilbud hausten 2018 etter heiltid og deltid. Dei fleste fagområda har både heiltid- og deltidsutdanninger. I kategoriene helse-, sosial- og idrettsfag, lærarutdanningar og utdanningar innan pedagogikk, samt primærnæringsfag er det så godt som berre deltidsutdanninger. Innan naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag er det ganske likt fordelt mellom heiltid og deltid. Sjå vedlegg Del 1 V4.6 for tal, også for vårsemesteret 2018.

Figur 4.6 Heil- og deltidsutdanninger etter fagområde, haust 2018.



Kjelde: NSD


4.5 Stad- og nettbaserte fagskuleutdanningar

Eit fleirtal av fagskuleutdanningane blir gitt i form av stadbasert undervisning. Hausten 2018 var det i alt 648 utdanningstilbod. Av desse var 423 (65 prosent) stadbaserte tilbod. 89 utdanningstilbod (14 prosent) var reint nettbaserte. Resten var tilbod med ein kombinasjon av nettbasert undervisning og samlingar.

Sidan 2016 har det vore ei prosentvis auke i talet på utdanningstilbod med nettbasert undervisning eller nettbasert undervisning kombinert med samlingar, men den prosentvise auken skuldast ei reduksjon i talet på utdanningstilbod, særleg stadbaserte, og ikkje ei auke i dei nettbaserte. I 2016 var 75 prosent av utdanningstilboda stadbaserte og 25 prosent nettbaserte eller nettbaserte med samlingar. I 2018 var dei tilsvarande tala 66 prosent og 34 prosent.

Av figur 4.7 ser vi at utdanningstilbod med stadbasert undervisning finst i alle fagkategoriane. Utdanningstilbod som har nettbasert undervisning med samlingar finst i alle fagkategoriane bortsett frå mediefag, medan reine nettbaserte tilbod finast i alle kategoriar bortsett frå primærnæringsfag og lærarutdanningar/pedagogikk. Sjå vedlegg Del 1 V4.7 for detaljerte data og tal, også for vårsemesteret 2018.

Figur 4.7 Stad- og nettbaserte utdanningar og fagområde, haust 2018



Kjelde: NSD

Dersom vi jamstiller svara som fagskulestudentar og universitets- og høgskulestudentar har gitt i studiebarometera når det gjeld tilfredsheit med bruk av digitale hjelpemiddel, så finn vi at fagskulestudentane er mest nøgd. Dette tyder på at fagskulesektoren er litt betre på digitale verktøy enn UH-sektoren, noko som truleg heng saman med det relativt høge talet på nettstudium i fagskulesektoren.

Studentane på dei nettbaserte studia er mest positive til bruken av digitale verktøy. På ein skala frå 1 til 5, der 5 er «svært tilfreds», er snittscoren for studentar på nettbaserte studie 4 på spørsmålet om i kva grad digitale verktøy blir nytta på ein måte som gjer at dei blir aktivt

involvert i undervisninga. For studentar på stadbaserte og samlingsbaserte studium er snittscoren 3,6. Når det gjeld læraranes kompetanse i bruk av digitale verktøy er snittscoren for studentar på nettbaserte studium 4,2. For studentar på stadbaserte studium er snittscoren 3,7 og for studentar på samlingsbaserte 3,4.

Internasjonalisering i fagskulane

Diku (tidlegare Senter for internasjonalisering av utdanning) publiserte i 2017 eit arbeidsnotat om fagskulane sitt arbeid med internasjonalisering (SIU 2017). Ein hovudkonklusjon var at internasjonalisering i form av internasjonale samarbeidsprosjekt og mobilitet for studentar og tilsette er lite utbreidd i fagskulesektoren.

På dei fleste fagskulane er det eit visst omfang av korte studieturar for studentar og tilsette for å delta på ulike arrangement og besøke verksemder, arbeidsstader eller utdanningsinstitusjonar i utlandet. Nokre av desse turane blir delvis sponsa og arrangert av leverandørar og andre bransjeaktørar. Andre internasjonale aktiviteter dreier seg om studieturar for fagtilsette med besøk på institusjonar i utlandet for å utveksle informasjon og diskutere innhald i utdanningane. Fagskulane driv i liten grad med ekstern-finansiert internasjonalt utdannings samarbeid.

I den grad fagskulane tar del i internasjonalt utdannings samarbeid, er det i hovudsak knytt til bilateralt samarbeid med utanlandske utdanningsinstitusjonar, som gir tilbod om påbygging til bachelorgrad etter avslutta fagskuleutdanning. Dette gjeld dei kreative fagskulane. Dei har inngått flest samarbeidsavtaler med institusjonar i engelskspråklege land som Australia, England, Irland og USA, men også nokre danske institusjonar.

Ei utfordring for å komme i gang med arbeidet med internasjonalisering, er mangel på erfaring med internasjonale samarbeidsprosjekt utover bilaterale avtaler. Heller ikkje alle fagskulane har eit administrativt apparat eller kompetanse til å handtere eit større omfang av internasjonale aktiviteter. Fleire skular ser samstundes verdien av å samarbeide med internasjonale partnerar og har planar om å gå i gang med (meir) internasjonalt samarbeid.

Når det gjeld moglegheiter for studentmobilitet, kan det vere ei utfordring å finne relevante utdanningsinstitusjonar i utlandet, sjølv om det finst tilbydarar på same nivå. I tillegg er det ei utfordring at mange studentar studerer på deltid i tillegg til jobb, eller tar korte studium på eit år eller mindre. Dei er også ofte eldre og har andre økonomiske og familiære forpliktingar enn andre studentar. Den gruppa fagskulane meiner mobilitet kan vere aktuelt for er heiltidsstudentar som er til stades på campus. For denne gruppa kan også praksismobilitet vere ei moglegheit. Den form for mobilitet fagskolane ser som mest aktuelt og lettast å få til, er for tilsette.

Det er eit auka fokus på høgare yrkesfagleg utdanning i mellom anna Europa, Der har det dei seinare åra vakse fram eit nettverk for aktørar som jobbar med utdanning på nivå 5 i kvalifikasjonsrammeverket – www.chain5.net – med utspring i Nederland.


5 Fagskulestudentane

5.1 Tal på fagskulestudentar

I 2018 blei det rapportert om 16 701 studentar ved ulike fagskular på telletidspunktet 15.oktober. Dette er ei auke frå drygt 15 000 studentar i 2016.⁵ Talet på fagskulestudentar vil kunne variere noko i løpet av eir år, ettersom nokre utdanningar berre varar eit halvt år og ein del studentar berre følgjer enkeltemne utan å fullføre ein heil grad.

Figur 5.1 viser utviklinga i talet på studentar ved private og offentlege fagskular, i perioden 2013-2018. Vi ser at veksten dei siste åra har vore noko sterkare i privat enn i offentlig sektor. Sidan 2016 har talet på studentar ved private fagskular auka frå 7 050 til 8 119, medan det har auka frå 8 011 til 8 582 ved dei offentlege skulane. Sjå også vedlegg Del 1 V5.1 for talgrunnlag og Del 2 V5 for tal per fylke dei siste tre åra.

Figur 5.1 Tal på studentar i offentlege og private fagskular 2013-2018




Kjelde: NSD

⁵ Student er alle dei som er registrert ved eit studietilbod. Det er ikkje identisk med einskildindivid. Eit individ kan vere registrert som student ved fleire tilbod. Talet på studentar er såleis litt høgare enn talet på individ, men skilnaden er liten.

Som det går fram av figur 5.2 er konsentrasjonen av fagskulestudentar størst i Oslo, etterfølgd av Hordaland. Ein del av det høge studenttalet i Oslo har si forklaring i at dei fleste nettbaserte utdanningstilboda er registrert ved skular med adresse i Oslo. Studentane kan vera busette andre stader i Noreg. Sjå vedlegg Del 1 V5.2 for meir detaljerte tal per fylke og fordelt på offentlege og private skular.

Figur 5.2 Tal på fagskulestudentar etter fylke 2018




Kjelde: NSD

5.2 Fagområde, kjønn og alder

Det er flest fagskulestudentar i kategorien naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Som det går fram av figur 5.3 utgjør denne gruppa 43 prosent av fagskulestudentane. Deretter følgjer studentane innanfor helse-, sosial- og idrettsfag med 24 prosent. På tredje og fjerde plass følgjer kategoriane humanistisk-estetiske fag og økonomisk-administrative fag, med høvesvis elleve og ni prosent av det samla studenttalet. Sjå vedlegg Del 1 V5.3 for absolutte tal. Denne tabellen inneheld også oversyn over studentar fordelt på offentlig og privat.

Figur 5.3 Fagskulestudentar etter fagområde (prosent) 2018



Kjelde: NSD

Studentundersøking om læringsmiljø, helse og trivsel på fagskular

Universell er eit senter som jobbar for samarbeid og kunnskap om læringsmiljø, universell utforming og inkluderande løysingar i høgare utdanning.

Universell gjennomførte i 2018 ei spørjeundersøking retta mot 20 fagskular og til saman over 9000 studentar (Universell 2019). Undersøkinga omhandla funksjonsnedsetting, om dette påverkar studiane og om tilrettelegging. Funksjonsnedsetting i denne samanhengen dekker astma, allergi, eksem, psykiske sjukdomar, lese- og skrivevanskar, muskel/skjelettsjukdomar og kategorien annan varig funksjonsnedsetting. Respondentane i undersøkinga utgjør om lag 56 prosent av den samla studentmassen. Spørjeundersøkinga fekk 15 prosent svar.


Om lag 39 prosent av studentane som har svart på undersøkinga seier dei har ein eller fleire funksjonsnedsettingar, sjukdom eller vanskar. 14 prosent av dei som oppgir at dei har varig funksjonsnedsetting seier at dette har klar negativ innverknad på moglegheita til å studere.

Etter at dei med funksjonsnedsetting har blitt presentert for konkrete tilretteleggingstiltak er det 12 prosent av studentane som seiar at dei har behov for slike tiltak. 6 prosent av studentane kjenner til minst eit slikt tiltak, og 4 prosent av studentane har brukt eit slikt tiltak.

17 prosent av studentane gjer uttrykk for at dei ikkje er tilfredse eller lite tilfredse med livet som fagskulestudent. Det er ein positiv samanheng mellom vurdering av eigen helse og trivsel med livet som fagskulestudent totalt sett. Studentar med store psykiske symptomplager, og dei som ofte føler seg einsam trivs i minst grad med livet som fagskulestudent.

Kjønnsfordelinga blant fagskulestudentane er samla sett ganske jamn, med ei lita overvekt av menn (56 prosent). Innanfor dei ulike fagområda er det likevel store skilnader, som vi ser i figur 5.4. Ubalansen mellom kjønna er særleg synleg innanfor fagkategoriane helse-, sosial- og idrettsfag og naturvitskapelege fag, handverksfag tekniske fag. I fyrstnemnte kategori er det nær 90 prosent kvinner og i sistnemnte kategori meir enn 90 prosent menn. Ubalansen mellom kjønna i desse fagkategoriane følgjer av at gutar og jenter vel ulike fagretningar allereie i vidaregåande skule. Ubalansen speglar også ein svært kjønnsdelt arbeidsmarknad. Sjå vedlegg Del 1 V5.4a og Del 1 V5.4b for detaljerte tal fordelt på alderskategoriar og prosentvis fordeling.


Figur 5.4 Fagskulestudentar etter kjønn og fagområde 2018



Kjelde: NSD

Figur 5.5 viser fagskulestudentar fordelt på kjønn og alder i 2018. Rundt 52 prosent av fagskulestudentane er mellom 20 og 29 år. Aldersgruppa 30 til 39 år utgjer rundt 25 prosent og gruppa 40 til 49 rundt 15 prosent. Kjønnfordelinga er ulik innanfor dei ulike aldersgruppene. Mannlege studentar er i fleirtal i gruppene 20-29 og 30-39, medan kvinner er i fleirtal i gruppene 40-49 og over 50. Blant studentar under 20 år er fordelinga ganske jamn. For absolutte tal og prosentdelar, sjå vedlegg Del 1 V5.4a og Del 1 V5.4b.


Figur 5.5 Fagskulestudentar etter kjønn og alder 2018



Kjelde: NSD


For enkelte fagområde er den ujamne kjønns- og aldersfordelinga svært påfallande, slik vi ser i figur 5.6 og figur 5.7. Innanfor fagkategorien helse-, sosial og idrettsfag dominerer kvinner og gjennomsnittsalderen blant desse studentane er tydeleg høgre enn for fagkategorien naturvitskapelege-, handverks- og tekniske fag, der menn dominerer. Sjå vedlegg Del 1 V5.4a og Del 1 V5.4b for detaljerte data.

Figur 5.6 Fagskulestudentar etter kjønn og alder: Helse-, sosial- og idrettsfag 2018



Kjelde: NSD

Figur 5.7 Fagskulestudentar etter kjønn og alder: Naturvitskapelege-, handverks- og tekniske fag 2018



Kjelde: NSD

5.3 Fagskulestudentar med utanlandsk statsborgarskap

Det store fleirtalet av studentar i fagskulesektoren er norske statsborgarar, over 97 prosent. Dette har vore stabilt over fleire år (i 2016 var talet også 97 prosent). I alt 442 personar hadde i 2018 statsborgarskap frå eit anna land. Dei ti viktigaste opphavslanda var Sverige, Polen, Filippinane, Island, Litauen, Tyskland, Danmark, Finland, Spania og USA, i den rekkjefølga. Sjå vedlegg Del 2 V7 for detaljert informasjon om studentar etter statsborgarskap dei siste tre åra.

Flest studentar med utanlandsk statsborgarskap er det ved Noroff fagskole AS, med 121. Det utgjorde nær åtte prosent av studentane ved skulen. Prosentdelen er større ved fleire andre skular, og størst ved Hald Internasjonale Senter, der litt over 32 prosent av i alt 78 studentar har utanlandsk statsborgarskap. Sjå vedlegg Del 2 V8 for meir informasjon om skulane med høg prosentdel utanlandske statsborgarar.

Femten fagskular utmerkar seg med ein relativt høg prosentdel studentar med utanlandsk statsborgarskap. Desse er, i tillegg til Hald Internasjonale Senter og Noroff, følgande skular: Nordland Kunst- og filmfagskole, Beverage Academy AS, Fredrikstad og Oslo FagAkademi, Folkeuniversitetets helsefagskole, European Helicopter Center AS, Pilot Fight Academy AS, Det tverrfaglege kunstinstitutt, Kunstskolen i Bergen, AOF Norge, Einar Granum Kunstfagskole, Ålesund Kunstfagskole, Fagskolen i Troms/avdeling Harstad tekniske fagskole og Fabrikken Asker Kunstfagskole. Fagskular innanfor kunst- og designfeltet pregar lista. Også Noroff høyrer til denne kategorien, med fagskuletilbod innan film, animasjon, visuelle effektar, grafisk og teknisk design, 3D- og speldesign.

5.4 Opptaksgrunnlag etter skuleeigarskap, alder og fagområde

Opptaksgrunnlaget for fagskuleutdanning er fullført og greidd vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Studentar eldre enn 23 år kan bli tatt opp på bakgrunn av realkompetanse, med unntak av kunstfag der ein kan ta opp kandidatar på bakgrunn av realkompetanse og opptaksprøve frå 19 år.

Opptak på grunnlag av realkompetanse blei endra med den nye fagskuleloven av 2018. Tidlegare var kravet berre at ein skulle ha fylt 19 år. Vi ser naturleg nok ikkje denne endringa igjen i statistikken i år, då tala er innrapportert i 2018. Tala for realkompetanse og anna kompetansegrunnlag er jamstore med tala frå 2016. Det blir interessant å sjå på utviklinga her i åra som kjem.


Det vanlegaste opptaksgrunnlaget er yrkesfagleg kompetanse frå vidaregåande opplæring. I 2018 var 60 prosent av studentane tatt opp på dette grunnlaget. Det er ein nedgang samanlikna med 2016, då nær 64 prosent var tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse frå vidaregåande. Når det gjeld opptak på grunnlag av generell studiekompetanse er tendensen den motsette. I 2018 var litt over 25 prosent tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, mot rundt 21 prosent i 2016.

Dette kan sjåast i samanheng med veksten i talet på studentar som vist i kapittel 5.1. Det har vore størst auke i privat sektor, og det er i fag som i hovudsak blir tilbudd her at studentar blir tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Her må også nemnast at talet på studentar med yrkesfagleg kompetanse heile vegen har hatt ei ujamn utvikling. Grunnen til dette finn vi truleg i treårssyklusen i de mange tekniske faga som er tilbydd på deltid.

Som det går fram av figur 5.8, dominerer yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag innanfor alle aldersgrupper, med unntak av den yngste gruppa. Der er dei fleste tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Dette har samanheng med at dei under 20 år med fagbakgrunn knapt er ferdig med fagbrevet.

Studentar med generell studiekompetanse utgjer den nest største gruppa i alderskategoriane 20-29 år og 30-39 år, medan realkompetanse utgjer den nest største gruppa i dei to eldste alderskategoriane. Dette rimar godt med at dei aller fleste sidan Reform94 har tatt vidaregåande opplæring og dermed har anten fagbrev eller studiekompetanse. For dei eldste gruppene er det nok fleire som ikkje har vidaregåande opplæring og som derfor søker opptak på grunnlag av realkompetanse. Realkompetansevurdering er også noko som er særleg aktuelt i kunstfaga (jamfør kategorien Hum.es. i figur 5.9). Det kan vere med på å forklare talet på realkompetansevurderingar i dei lågare alderskategoriane. Sjå vedlegg Del 1 V5.8 for absolutte tal.


Figur 5.8 Fagskulestudentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder 2018



Kjelde: NSD

Figur 5.9 viser talet på fagskulestudentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. Dei to største fagområda, tekniske og helserelaterte utdanningar, er også dei som har størst opptak på yrkesfagleg grunnlag. I relative tal er det likevel primærnæringsfag og pedagogiske fag som har flest studentar tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg- eller realkompetanse. Sjå vedlegg Del 1 V5.9 for absolutte tal.

Figur 5.9 Fagskulestudentar etter opptaksgrunnlag og fagområde 2018



Kjelde: NSD

Det er til dels store skilnader når det gjeld kva fagområde som blir tilbydd ved dei offentlege og dei private fagskulane (jamfør figur 3.7). Tekniske fag blir til dømes hovudsakeleg tilbydd ved offentlege skular og humanistisk-estetiske fag hovudsakeleg ved dei private. Av dette følgjer at fagbrev som grunnlag for opptak er mest utbreidd ved offentlege fagskular, medan generell studiekompetanse er mest utbreidd ved dei private skulane. Eit unntak er helse-, sosial- og idrettsfag som blir tilbydd av både offentlege og private aktørar, og der opptaksgrunnlaget i all hovudsak er yrkeskompetanse.


5.5 Gjennomstrøyming

Tala for gjennomstrøyming i fagskulesektoren held låg kvalitet. Tala er likevel interessante når vi ser på utvikling over tid, fordi dei kan seie oss noko om overordna tendensar. Det er ei målsetting at kvaliteten på desse tala skal bli betre med åra.

Dersom ein student flytter over frå eit fag til eit anna, eller frå ein skule til ein annan, i løpet av semesteret, vil det bli rekna som fråfall, sjølv om studenten fullfører ei fagskuleutdanning. Det er også ei utfordring for statistikken at ein del studentar melder seg opp til ei fagskuleutdanning med ein intensjon om å berre ta nokre emne og ikkje eit heilt fagskulestudium. Bakgrunnen for dette er at mange fagskulestudentar er i ei anna livsfase enn studentar flest. Dei er ofte eldre, og står oftare i fast jobb medan dei er studentar. Ofte vil bedrifta sine behov for kompetanseløft og spesialisering ligge bak ein persons fagskulestudiar. Behovet vil ikkje alltid vere ein heil fagskulegrad, men kanskje berre ein del av denne. Slike faktorar påverkar også tala for gjennomstrøyming, og korleis vi kan vurdere gjennomstrøyming og fråfall i fagskulesektoren.

Tala vi har viser at gjennomstrøyminga på normert tid for heiltidsstudentar sank frå 2012-2014, for så å auke igjen med 2015-kullet, slik det går fram av figur 5.10. I same periode sank talet på studentar som fullførte på normert tid frå 4 000 i 2012 til om lag 2 700 i 2014, for så å auke til nærare 3 000 i 2015. Sjå vedlegg Del 1 V5.10 for detaljerte tal for denne figuren. Sjå vedlegg Del 2 V11 for tal på studentar med bestått utdanningstilbod vår 2018 per fagområde. Ei forklaring på variasjonen i gjennomføring kan truleg knytast til situasjonen på arbeidsmarknaden og dei økonomiske konjunkturane. Er det høg aktivitet i næringslivet kan det vere sterke insentiv for å gå attende til arbeidsmarknaden, framfor å fullføre ei utdanning.

Figur 5.10 Fullføring på normert tid og eit, to og tre år seinare for opptakskulla 2012-2015. Heiltidsstudentar



Kjelde: NSD


Gjennomføring på normert tid i høgare utdanning ligg på om lag 48 prosent. For mastergrad ligg gjennomføringa på 51 prosent for opptakskullet i 2016. Sjå Tilstandsrapport for høgere utdanning 2019 (Diku 2019).

Tala for fagskulestudentane viser at dei som ikkje fullfører på normert tid i liten grad fullfører på eit seinare tidspunkt. Grunnen til dette er truleg i stor grad knytt til det forholdet som dei nye bransjeprogramma adresserer, nemleg at mange fagskulestudentar ikkje ynskjer å ta ein heil fagskulegrad, men berre ein del av eit studium, for å oppnå ei spesialisering innanfor eige yrkesfelt. Sjå detaljerte data om fullføring i vedlegg Del 1 V5.10. Ser vi på dei studentane som gjennomfører eksamen er den samla strykprosenten på 5,2 prosent i 2018. Sjå vedlegg Del 2 V10 for detaljerte data.

Vi har også tatt med tal på fullføring for studentar på helse- og sosialfag, på eitt-års studium på deltid over to år (figur 5.11) og for studentar på toårig teknisk fagskuleutdanning på deltid over tre år (figur 5.12).

For helsefagleg eittårig utdanning på deltid varierer gjennomstrøyminga mellom 45 og 54 prosent, utan nokon klare utviklingstrekk. Som for heiltidsstudentar generelt ser vi at studentar som ikkje fullfører på normert tid, i liten grad fullfører seinare. Sjå vedlegg Del 1 V5.11 for detaljerte data om fullføring på helse- og sosialfag.

Figur 5.11 Fullføring i 60-studiepoengs helse- og sosialfag, deltid over to år. Opptakskulla 2012-2015




Kjelde: NSD

Tala for fullføring av toårig teknisk fagskuleutdanning på deltid ligg meir stabilt på omkring 45 prosent, med unntak av 2015-kullet som i noko større grad fullførte på normert tid (49 prosent). Sjå figur 5.12. Når det gjeld prosentdelen som fullførte etter normert tid, er det derimot større variasjonar frå år til år innanfor teknisk fagskuleutdanning. Tala varierer mellom 0,7 og 3,9 prosent. For 2015-kullet vil tala for fullføring først bli rapportert i 2019. Sjå vedlegg Del 1 V5.12 for detaljerte data om fullføring på teknisk fagskuleutdanning.

Skilnaden i prosentdel fullføring på normert tid samla sett og innanfor dei to fagområda helse- og sosialfag og tekniske fag, må ein sjå i samanheng med at desse utdanningstilboda varer lengre enn mange andre utdanningstilbod, og dei blir tatt på deltid. Vi veit at gjennomstrøyminga er lågare på lange studium og deltidsstudium.⁶ Fagskular som tilbyr tekniske fag rapporterer også om at lågare fullføring ofte er ein indikasjon på økonomiske konjunkturar, der gode moglegheiter på arbeidsmarkanden kan lokke mange attende i arbeid.

Figur 5.12 Fullføring i 120-studiepoengs teknisk fagskuleutdanning, deltid over tre år. Opptakskulla 2012-2015



Merknad: For 2015-kullet er det ikkje rapportert data for dei som fullfører etter normert tid.

Kjelde: NSD

⁶ Sjå til dømes Høst m.fl. 2018.

Gjennomføring i fagskuleutdanningane

I 2018 ga NIFU ut ein rapport om gjennomføring i fagskuleutdanningane (Høst m.fl. 2018). Studien var basert på DBH Fagskulestatistikk (DBH-F), tal frå eit utval skular og intervjuar med tilsette og studentar. Studien tar for seg kreative utdanningar, helsefagutdanningar og tekniske utdanningar.

Ambisjonen var å samanlikne gjennomføring på normert tid for dei tre kategoriane, men grunna svak statistikk let det seg ikkje gjere. Studien finn til dels store variasjonar mellom skulane sin eigen statistikk og DBH-F. Ulik rapportering kan skuldast ulike definisjonar av når ein student har gjennomført. Kursbytte eller permisjon kan vere blant det som skaper problem i rapporteringa. Studien viser også til at mange fagskular har liten administrativ kapasitet og av den grunn kan ha enkle studentadministrative system.

Innanfor dei kreative utdanningane, ligg gjennomføringa på normert tid ifølgje DBH-F frå 22 prosent for dei nettbaserte studiane til 31 prosent for dei stadlege. Skulane sjølve oppgir om lag det dobbelte og ifølgje NIFU er det grunnar til å tru at skulanes egne tal er mest korrekte. For helsefagutdanningane ligg gjennomføring på normert tid kring 50 prosent. I tekniske fagskuleutdanningar ligg gjennomføringa ifølgje DBH-F mellom 60 og 70 prosent for stadbaserte utdanningar på heiltid. Gjennomføringa er vesentleg lågare for deltidsstudium, mellom 40 og 50 prosent for både nettbaserte og stadbaserte utdanningstilbod. Også på nokre av dei tekniske fagskulane er det fleire registrerte i skulanes egne oversyn.

Fråfallet er for alle utdanningstypene størst i byrjinga. Det heng ifølgje studien ofte saman med at studentane ikkje er førebudd på ein skulekvardag, med krav til studieteknikk, IKT-kjennskap og skriftleg formulering. Fagleg og sosial integrering er viktig for gjennomføringa. Dette kan vere vanskelegare å få til på dei nettbaserte tilboda. På deltidsstudia kan det vere ei utfordring for studentane at studiet kjem på toppen av anna arbeid.


5.6 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Talet på fagskulestudentar som tidlegare har vore registrert på universitet/høgskule har auka jamt med om lag eitt prosentpoeng kvart år dei siste seks åra, og med heile to prosentpoeng frå 2017 til 2018, frå 14,5 til 16,5 prosent. Dette er med andre ord ein stabil trend.

Det er spesielt økonomisk-administrative fag som utmerkar seg med ei samla auke på nesten 19 prosentpoeng frå 2013 til 2018. Meir enn 31 prosent av studentane som var registrert på desse faga i 2018 hadde tidlegare vore registrert på universitet/høgskule. Deretter følgjer dei humanistisk-estetiske faga med ei auke på ni prosentpoeng, frå litt over 18 til litt over 27 prosent.

Figur 5.13 viser prosentdel av alle fagskulestudentar som tidlegare har vore registrert ved universitet/høgskule, fordelt på fag dei tre siste åra. Tendensen innanfor alle fagkategoriane er vekst i talet på fagskulestudentar som tidlegare har vore registrert ved universitet/høgskule. Unntaket er primærnæringsfag der det har vore ein liten nedgang siste året. Sjå vedlegg Del 1 V5.13 for detaljerte data i prosent tilbake til 2013.

Figur 5.13 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon etter fagområde. Prosentdel. 2016–18⁷




Merknad: Berekninga som ligg til grunn for figuren tar utgangspunkt i talet på aktive fagskulestudentar i haustsemesteret for eit gitt år. Ved hjelp av fødselsnummer finn ein kor mange av desse studentane som var registrerte på ein UH-institusjon året før eller tidlegare.

Kjelde: NSD

Biletet er motsett når det gjeld studentar som blir registrert ved eit universitet eller ein høgskule etter å ha tatt ei fagskuleutdanning. Dette går fram av figur 5.14. Ikkje berre er det ein nedgang i prosentdelen studentar som er registrert ved universitet/høgskule etter avslutta fagskuleutdanning. Det er også ein mykje lågare prosentdel som går denne vegen enn motsett veg. Størst er prosentdelen innanfor humanistiske og estetiske fag og mediefag, men med ein tydeleg nedgang siste året.

Ut frå tala vi har, kan vi ikkje seie kva som er grunnen til overgangen, kor lang tid det går før studentane tar opp nye studium innanfor fagskule eller universitet/høgskule, eller om dei nye studia byggjar vidare på tidlegare studium eller er noko heilt nytt. Sjå vedlegg Del 1 V5.14 for detaljerte data i prosent tilbake til 2013.

Figur 5.14 Fagskulestudentar seinare registrert ved UH-institusjon etter fagområde. Prosentdel. 2016–18



Merknad: Berekninga som ligg til grunn for figuren tar utgangspunkt i talet på beståtte utdanningstilbod eit gitt år (både haust og vår) og finn ved hjelp av fødselsnummeret kor mange av desse kandidatane som var registrerte på ein UH-institusjon same semester eller seinare.

Kjelde: NSD

Arbeidsgivers forventningar til fagskuleutdanna

I ei undersøking gjennomført av NIFU om arbeidsgivarane sine forventningar og erfaringar med nyutdanna frå universitet, høgskular og fagskular (Støren m.fl. 2019), svarer 50 prosent av bedriftene at dei vil ha behov for å rekruttere personar med fagskuleutdanning i løpet av dei komande fem åra. Med tanke på det relativt låge talet på fagskulestudentar som blir uteksaminert kvart år, må dette reknast som ein svært høg etterspurnad. Tilsvarende tal for bachelor og mastergrad er høvesvis 80 og 60 prosent.

Undersøkinga viser at behovet for fagskuleutdanna personar er særleg høgt innan tekniske fag og primærnæringsfag. Innanfor bygg og anlegg svarer 41 prosent av verksemdene at dei har stort behov fagskuleutdanna. 48 prosent svarer at dei i nokon grad har eit behov. Innafor jordbruk, skogbruk og fiske svarer 38 prosent at dei har eit stort behov for fagskuleutdanna og 49 prosent svarer at dei i nokon grad har det.

Det bedriftene set høgst på prioriteringslista er at kandidatane har relevant praksis, og evna til å lære i arbeidet. Det siste poenget understrekar behovet som ligg til grunn for kompetansereforma, nemleg eit utdanningstilbod som er tilpassa bedriftenes og arbeidaranes behov for å tileigne seg spisskompetanse raskt samstundes som ein er i arbeid. Dette behovet er særleg synleg i privat sektor. I følgje undersøkinga blir spesifikke fagferdigheiter verdsett særleg høgt der, i motsetnad til offentleg sektor der ein i større grad vektlegg generiske eigenskapar som samarbeid, sjølvstende og læring.


Bedrifter som nyleg har tilsett personar med fagskuleutdanning er i stor grad tilfredse med dei nytilsette sin kompetanse. Rapporten stadfester mellom anna at det er stor grad av samsvar mellom opplæringa som blir gitt og behova i arbeidslivet.

6 Økonomi og styring

6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskular har tre ulike finansieringskjelder: offentlig tilskot til driftsmidlar gjennom Kunnskapsdepartementet/Diku, tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar og studentbetaling. Figur 6.1 viser omfanget av dei ulike finansieringskjeldene i 2018. I tillegg til dei tre nemnte finansieringskjeldene viser figuren også midlar frå statsbudsjettet til nye studieplassar tildelt i 2018. Sjå vedlegg Del 1 V6.1 for data i tabell.

Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder rapportert til DBH-F 2018



Kjelde: NSD

Som figuren over viser, fekk sektoren i 2018 om lag 630 millionar til driftsmidlar gjennom Kunnskapsdepartementet/Diku (kapittel 240 post 60 i statsbudsjettet). I tillegg kom det dette året 22 millionar til nye studieplassar, medan fylka bidrog med i overkant av 100 millionar frå dei frie midla til fylka. Av dei 83 fagskulane som var registrert i 2018 blei 58 skular finansiert heilt eller delvis av offentlege tilskot.

I 2018 blei finansieringsordninga for fagskulane lagt om slik at tilskot til drift av fagskulane blir disponert av fylkeskommunane.⁸ Dette gjeld midla på kapittel 240 post 60 i statsbudsjettet, som fylka skal disponere ut frå dei fire måla som departementet har fastsett:

⁸ Unntaka frå dette er Norges grønne fagkole VEA, Norsk Jernbaneskole og Dykkerutdanningen (ved Høgskulen på Vestlandet, tidlegare Statens dykkerskole). Desse skulane blir finansiert direkte over statsbudsjettet.

1) Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning; 2) Yrkesretta utdanning; 3) God tilgang til høgare yrkesfagutdanning; 4) Effektiv og solid fagskulesektor.

Dei fleste skulane har ei blanding av ulike finansieringskjelder. Samla sett kan vi anslå at fagskulesektoren i 2018 forvalta om lag 1,35 milliardar kroner. Delt på 16 000 studentar blir dette 84 000 per student i snitt. Til samanlikning viser ein kartlegging frå NIFU/Deloitte at ein student på offentleg fagskule i snitt kosta 106 000 kroner i perioden 2012-2014. Samstundes er det store skilnader mellom ulike fagområde.⁹

I UH-sektoren kosta ein student i snitt 186 000 i 2014.¹⁰ Også her er det store skilnader i kostnad per student mellom ulike studietilbod og mellom ulike typar institusjonar. Ein elev i vidaregåande opplæring kostar i snitt 160 000 kroner, inkludert indirekte kostnader som skulelokale t.d. Skil ein ut direkte kostnader knytt til utdanningsprogram kostar ein elev på yrkesfag i snitt 98 500 kroner.¹¹

I 2018 var det 54 skular som tok studentbetaling for eitt eller fleire utdanningsprogram. Av desse var ni skular offentlege. Samla sett fekk fagskulesektoren om lag 588 millionar kroner frå studentbetaling i 2018. Inntekter frå studentbetaling utgjorde då om lag 44 prosent av den samla finansieringa på 1,35 milliardar. Kor mykje av studentbetalinga som blir betalt av den enkelte student, og kor mykje som eventuelt blir betalt av ein arbeidsgjevar, veit vi lite om i dag.

Tala for studentbetaling er basert på rapporterte tal til DBH-F, og det er hefta noko usikkerheit ved kvaliteten på tala på grunn av feilrapportering – til dømes har nokre fagskular rapportert den totale kostnaden for eit studieprogram i staden for den årlege studentbetalinga. For å korrigere for desse feila har vi justert tala for nokre av institusjonane opp mot rapportert studentbetaling per studietilbod. Dette har gitt ein betydeleg lågare sum for studentbetaling enn det som tidlegare har blitt oppgitt i tilstandsrapporten 2017.

I høgare utdanning, der berre dei private institusjonane har høve til å krevje inn studie- og eksamensavgift, utgjer studentbetaling om lag 50 prosent av driftsinntekta til desse institusjonane.

⁹ Tal henta frå Deloitte/NIFU 2016:

¹⁰ Tilstandsrapport for høyere utdanning 2015.


¹¹ Tal henta frå Utdanningsspeilet 2018.

6.2 Skular og fagområde etter finansieringskjelder

Figur 6.2 viser tal på skular som mottar tilskot. Kategorien Tilskot KD viser talet på skular som har mottatt driftsmidlar på kapittel 240 post 60 i statsbudsjettet. Kategorien Tilskot FK viser talet på skular som har mottatt midlar frå fylkeskommunane sine frie midlar. Figuren viser til dømes at dei to fagskulane i Finnmark mottar både tilskot frå KD og frå fylkets frie midlar. Figuren viser vidare at 10 skular i Oslo mottar tilskot frå KD, to av desse mottar også tilskot frå fylkets frie midlar, medan 10 skular ikkje mottar tilskot.

Vi ser at dei fleste skulane mottar noko offentlege tilskot, medan eit mindretal ikkje får offentlege tilskot. Figuren viser også kva fylke som nyttar frie midlar utover øyremerka tilskot frå staten. Fylker som Akershus, Hedmark og Telemark bidrar med lite eller inga finansiering frå egne frie midlar. Sjå vedlegg Del 1 V6.2 for detaljerte data.

Figur 6.2 Tilskot frå KD, fylkeskommune og skular utan tilskot. 2018




Merknad: Denne figuren viser skular etter tilskot og ikkje tilskot. Skular som mottar tilskot både frå KD og fylket telles to gonger. For å finne talet på skular per fylke, sjå tabell 3.1

Kjelde: NSD

I figur 6.3 ser vi talet på studentar fordelt på fagområde og type tilskot. Dei to kategoriane av tilskot er ikkje gjensidig ekskluderande. Dette betyr at kategorien tilskot KD viser talet på studentar på fagområde som berre mottar tilskot frå KD, medan kategorien tilskot FK synar studentar på fag som også mottar midlar frå fylka sine frie midlar.

Vi ser at dei fleste studentane er registrert på eit fagområde som er heilt eller delvis støtta av offentlege midlar. I forhold til det totale talet på studentar per fagområde ser vi at det er høvesvis fleire studentar på fag utan tilskot innan mediefag, økonomiske og administrative fag, humanistiske- og estetiske fag, samt samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag. I sistnemnde kategori er det, som stadfesta tidlegare, ei blanding av fag som dei maritime, som i stor grad er offentleg finansierte, og fag som make-up artist og negledesignar, som i liten grad er offentleg finansierte. Sjå vedlegg Del 1 V6.3 for detaljerte data.

Figur 6.3 Fagskulestudentar etter fagområde og tilskot KD, fylkeskommune og skular utan tilskot. Haust 2018



Kjelde: NSD

Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning

Som oppfølging av *Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, har Stortinget sidan 2017 løyvd utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning. Med utgangspunkt i stortingsmeldinga blei det i 2018 lyst ut midlar til følgjande satsingar:

Kompetanseheving av tilsette i fagskulane: Som ledd i oppfølginga av stortingsmeldinga vil regjeringa sette i verk tiltak for å heve den pedagogiske kompetansen til lærarar i fagskulen. Utviklingsmidlane som blei lyst ut i 2018 kan nyttast både til pedagogisk kompetanseheving og kompetanseheving knytt til dei andre satsingane i utlysinga.

Utvikling av samarbeid med relevant lokalt og regionalt arbeidsliv: Utviklingsmidlane kan nyttast til oppretting av nye utdanningar det er særleg behov for i arbeidslivet, eller til utdanningar som bygger på godt samarbeid med arbeidslivet.

Bruk av teknologi for læring i utdanninga: Det er ei målsetting i stortingsmeldinga at framtidens fagfolk meistrar relevant digital teknologi og digitale arbeidsformer. Ei meir digital utdanning vil gi kandidatane relevant digital kunnskap og dessutan kunne gjere tilboda tilgjengeleg for fleire studentar.

Eingongsinvesteringar i utstyr, infrastruktur, simulatorar, laboratorieutstyr og liknande som bidrar til å heve kvaliteten i utdanningane: Fagskulane skal være fleksible, yrkesretta og tilpassa ny teknologi og nye behov i arbeidslivet. Eingongsinvesteringane skal gi skulane oppdatert utstyr som er relevant for arbeidslivet studentane skal ut i.

Det blei i 2018 løyvd utviklingsmidlar til 22 prosjekt knytt til kompetanseheving av tilsette, 10 prosjekt knytt til utvikling av samarbeid med relevant lokalt og regionalt arbeidsliv, 19 prosjekt knytt til bruk av teknologi for læring i utdanninga og 17 eingongsinvesteringar i utstyr, infrastruktur, simulatorar, laboratorieutstyr og liknande. Dei fleste av prosjekta rettar seg mot fleire av satsingane i utlysinga. I tildelinga blei det lagt vekt på spreiding på fagområde og geografi, samt ei fordeling mellom offentlege og private skular.

6.3 Studentbetaling

Fagskular har, i motsetnad til andre utdanningsinstitusjonar, høve til å krevje studentbetaling – ei avgift som blir betalt til utdanningsinstitusjonen for å få ta del i utdanninga.¹² Det er i all hovudsak ved private fagskular at det krevst slik betaling. Det er berre når offentleg tilskot blir gitt med krav om at utdanninga skal vere gratis, at skulane ikkje kan krevje eigenbetaling frå studentane.


Det var 45 private skular som tok studentbetaling i 2018. Samla inntekt frå denne studentbetalinga var på om lag 505 millionar kroner. Gjennomsnittleg studentbetaling ved dei private skulane som tok betaling var 48 000 kroner i 2018.

Av dei 36 offentlege fagskulane i 2018 var det ni som tok studentbetaling frå studentar på eitt eller fleire utdanningsprogram. Samla inntekt frå studentbetaling ved desse offentlege skulane var i underkant av 83 millionar. Gjennomsnittleg studentbetaling ved dei offentlege fagskulane som tok betaling i 2018 var 25 000 kroner.

Medan den gjennomsnittlege studentbetalinga ved private fagskular har auka mykje dei siste tre åra, har betalinga ved dei offentlege skulane lege relativt stabilt, og samla sett har det vore ein nedgang frå 2013. Sjå figur 6.4.

Det kunne ha vore interessant å sjå utviklinga i studentbetalinga opp mot prosentdel offentleg finansiering, men ettersom finansieringa har vore under omlegging har vi ikkje historiske tal å vise til her.

Figur 6.4 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013-2018




Kjelde: NSD

¹² Her reknar vi rapporterte tal frå institusjonane på kva dei tek i avgift frå den einaskilde student på dei ulike utdanningsprogramma.

Blant utdanningar med studentbetaling er det store skilnader på kor mykje ein student må betale. Figur 6.5 viser utdanningane med høgast eigenbetaling frå studentane. Som tidlegare år er det utdanningar innan luftfart som kostar mest for studentane. Den dyraste utdanninga her kostar om lag 1,2 millionar kroner. Sjå vedlegg Del 1 V6.5 for desse tala i tabell og vedlegg Del 2 V13 for tala dei siste tre åra. Vedlegg Del 2 V14 viser samla tal for studentbetaling for alle private skular dei siste tre åra.


Figur 6.5 Utdanningstilboda med høgast eigenbetaling frå studentar



Kjelde: NSD

Figur 6.6 viser gjennomsnittleg studentbetaling per fagskulestudent per semester ved den enkelte fagskule. Tala viser betaling per fagskulestudent per semester for hausten 2018. Oversynet viser at det er store skilnader i studentbetaling, frå over 370 000 ved European Helicopter Center til 600 kroner ved Lukas fagskole og kurscenter. Skulane og utdanningane dei tilbyr er svært ulike og det er sjølvsagt ein viktig årsak til dei store skilnadene. Tal for samla studentbetaling per skule ligg i vedlegg Del 1 V6.6.

Figur 6.6 Gjennomsnittlig betaling per student og semester ved dei einstilte private fagskulane. Haust 2018



Kjelde: NSD

Litteraturliste

- Aspøy, Tove Mogstad, Sol Skinnarland og Anna Hagen Tønder. 2017. *Yrkesfaglærernes kompetanse*. Fafo-rapport 2017: 11.
- Caspersen, Joakim, Britt Karin Utvær, Hanna Bugge og Christian Wendelborg. 2017. *Fagskolekandidatene. En undersøkelse blant fagskolestudenter uteksaminert i 2015*. Høgskolen i Oslo og Akershus og NTNU Samfunnsforskning, Rapport 2017.
- Høst, Håkon, Siv-Elisabeth Skjelbred og Trude Røsdal. 2018. *Hvordan er gjennomføringen i fagskoleutdanningene? En undersøkelse av særtrekk ved helsefag, kreative fag og tekniske fag*, NIFU Rapport 2018: 21.
- Lyckander, Rønnehaug H. og Sidsel Øiestad Grande. 2018. *Kompetanse og kompetansebehov i fagskolene*. OsloMet Rapport 2018 nr. 7.
- Meld. St. 9 (2016-2017). *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*.
- NIFU/Deloitte. 2014 *Hva koster en student? En kostnadskartlegging av universiteter og høyskoler*, Rapport 52/2014
- NIFU/Deloitte. 2016. *Kostnadskartlegging av fylkeskommunale fagskoler*.
- NOU 2018: 2. *Fremtidige kompetansebehov I. Kunnskapsgrunnlaget*.
- NOU 2014: 14 *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg*.
- Nyen, Torgeir og Anna Hagen Tønder. 2014. *Yrkesfagene under press*. Universitetsforlaget.
- SIU 2017. *Internasjonalisering i fagskoleutdanningene*. SIU-notat 2/2017.
- Støren, Liv Anne, Rune Borgan Reiling, Siv-Elisabeth Skjelbred, Marte E.S. Ulvestad, Tone Cecilie Carlsten og Dorothy S. Olsen. 2019. *Utdanning for arbeidslivet. Arbeidsgivers forventninger til og erfaringer med nyutdannede fra universiteter, høyskoler og fagskoler*, NIFU Rapport 2019: 3.
- Tilstandsrapport for fagskoler 2017*. Kunnskapsdepartementet.
- Tilstandsrapport for høyere utdanning 2019*. Diku rapportserie nr. 5 2019.
- Tilstandsrapporten om høyere utdanning 2015*. Kunnskapsdepartementet.
- Universell 2019. *Studentundersøkelsen om læringsmiljø, helse og trivsel på fagskoler 2018*. Publisert 19. februar 2019:
<https://www.universell.no/nyheter/fagskoler/laeringsmiljoundersoekelse-for-fagskolen/>
- Utdanningsspeilet 2018. Utdanningsdirektoratet. Publisert 29. november 2018:
<https://www.udir.no/utdanningsspeilet2018>
- Øygarden, Kristoffer Fretland og Magnus Strand Hauge. 2019. *Studiebarometeret for fagskolestudenter 2019: hovedtendenser*. NOKUT.

Vedlegg

Vedlegg del 1: Grunnlag for figurer i tilstandsrapporten

Del 1 V3.1 Tal på skular og studentar per skule 2011-2018	65
Del 1 V3.2 Fagskular etter talet på studentar 2015-2018	65
Del 1 V3.3 Fagskular etter storleik og fylke. 2018	65
Del 1 V3.4 Fagskular etter storleik og fagområde. 2018.....	66
Del 1 V3.5 Tal på offentlege og private fagskular 2011-2018	66
Del 1 V3.6 Tal på studiestader ved offentlege og private skular 2011-2018.....	66
Del 1 V3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap. 2018	67
Del 1 V3.8 Tal på fagskular etter fylke og eigarskap. 2018	67
Del 1 V4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studielengd. Haust 2018	68
Del 1 V4.2 Studiepoengproduksjon offentlege skular per fagområde. 2013–18.....	68
Del 1 V4.3 Studiepoengproduksjon private skular per fagområde. 2013–18.....	68
Del 1 V4.4 Tal på fagskular etter fylke og fagområde. 2018.....	69
Del 1 V4.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde 2018	70
Del 1 V4.6 Heil- og deltidsutdanningar etter fagområde, haust og vår 2018	70
Del 1 V4.7 Stad- og nettbaserte utdanningar og fagområde, haust og vår 2018	70
Del 1 V5.1 Tal på studentar i offentlege og private fagskular 2013-2018	71
Del 1 V5.2 Fagskulestudentar ved offentlege og private fagskular etter fylke. 2018	71
Del 1 V5.3 Fagskulestudentar etter fagområde og eigarforhold. 2018	71
Del 1 V5.4a Fagskulestudentar etter kjønn, alder og fagområde. 2018.....	72
Del 1 V5.4b Fagskulestudentar etter kjønn, alder og fagområde. Prosent. 2018	72
Del 1 V5.8 Fagskulestudentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder. 2018.....	73
Del 1 V5.9 Fagskulestudentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. 2018.....	73
Del 1 V5.10 Fullføring normert tid (+ 1, 2 og 3 år seinare), opptakskulla 2012-15. Heiltid.....	73
Del 1 V5.11 Fullføring i 60-poengs helse- og sosialfag, deltid over to år. 2012-15.....	73
Del 1 V5.12 Fullføring i 120-poengs teknisk fagskuleutdanning, deltid over tre år. 2012-15	74
Del 1 V5.13 Fagskulestudentar tidlegare reg. ved UH-institusjon etter fagområde. 2013–18	74
Del 1 V5.14 Fagskulestudentar seinare reg. ved UH-institusjon etter fagområde. 2013–18	74
Del 1 V6.1 Ulike finansieringskjelder rapportert til DBH-F 2018	75
Del 1 V6.2 Fagskular etter fylke og tilskot. Haust 2018	75
Del 1 V6.3 Fagskulestudentar etter fagområde og type tilskot. Haust 2018	76
Del 1 V6.4 Gjennomsnittleg eigenbetaling ved offentlege og private fagskular	76
Del 1 V6.5 Utdanningstilbod med høgast studentbetaling. 2018	76
Del 1 V6.6 Gjennomsnittleg og samla studentbetaling per fagskule (private). 2018.....	77

Del 1 grunnlag for figurer og tabellar i tilstandsrapporten

Del 1 V3.1 Tal på skular og studentar per skule 2011-2018

År	Skular	Studentar per skule
2011	116	128
2012	115	138
2013	111	147
2014	103	158
2015	94	164
2016	91	166
2017	81	194
2018	83	201

Kjelde: NSD

Del 1 V3.2 Fagskular etter talet på studentar 2015-2018

Studentar	2015	2016	2017	2018
Under 50	37	39	30	29
50-100	20	18	19	19
101-500	29	26	23	24
501-1000	6	5	5	8
Over 1000	2	3	4	3

Merknad: Storleik er kategorisert etter studenttal i fem kategoriar.

Kjelde: NSD

Del 1 V3.3 Fagskular etter storleik og fylke. 2018

Fylke	Under 50	50-100	101-500	501-1000	Over 1000	Totalt
Akershus	2	1	2			5
Aust-Agder	1		1			2
Buskerud			2			2
Finnmark	2					2
Hedmark	1	1				2
Hordaland	1	1	1		1	4
Møre og Romsdal	1		2			3
Trøndelag	3	5	3			11
Nordland	3	3				6
Oppland	2				1	3
Oslo	4	5	5	5		19
Rogaland	4			2		6
Sogn og Fjordane			1			1
Telemark				1		1
Troms	2		1			3
Vest-Agder		1	1		1	3
Vestfold	2	1	3			6
Østfold	1	1	2			4
Sum	29	19	24	8	3	83

Merknad: Storleik er kategorisert etter studenttal i fem kategoriar.

Kjelde: NSD

Del 1 V3.4 Fagskular etter storleik og fagområde. 2018

Fagområde	Under 50	50-100	101-500	501-1000	Over 1000
Humanistiske og estetiske fag	10	8	2	2	1
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk			2	3	
Mediefag	1	1	1	1	1
Økonomiske og administrative fag	4	3	5	4	2
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	9	6	14	5	3
Helse-, sosial- og idrettsfag	2	4	14	7	2
Primærnæringsfag	1	1	1		2
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	4	4	10	4	2
Sum	31	27	49	26	13

Merknad: Storleik er kategorisert etter studenttal i fem kategoriar.

Kjelde: NSD

Del 1 V3.5 Tal på offentlege og private fagskular 2011-2018

År	Offentlege fagskular	Private fagskular	Skular totalt
2011	46	70	116
2012	46	69	115
2013	46	65	111
2014	41	62	103
2015	41	53	94
2016	41	50	91
2017	37	44	81
2018	36	47	83

Kjelde: NSD

Del 1 V3.6 Tal på studiestader ved offentlege og private skular 2011-2018

År	Studiestader offentlege skular	Studiestader private skular	Studiestader totalt
2011	48	97	145
2012	56	119	175
2013	61	120	181
2014	64	125	189
2015	70	115	185
2016	69	94	163
2017	71	87	158
2018	68	88	156

Kjelde: NSD

Del 1 V3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap. 2018

Fagområde	Offentleg	Privat
Humanistiske og estetiske fag	2	21
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	1	4
Mediefag	1	4
Økonomiske og administrative fag	5	13
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	26	11
Helse-, sosial- og idrettsfag	17	12
Primærnæringsfag	4	1
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	14	10

Kjelde: NSD

Del 1 V3.8 Tal på fagskular etter fylke og eigarskap. 2018

Fylke	Offentleg	Privat	Totalt
Akershus	0	5	5
Aust-Agder	1	1	2
Buskerud	1	1	2
Finnmark	2	0	2
Hedmark	1	1	2
Hordaland	2	2	4
Møre og Romsdal	2	1	3
Nordland	6	0	6
Trøndelag	7	4	0
Oppland	1	2	3
Oslo	2	17	19
Rogaland	2	4	6
Sogn og Fjordane	1	0	1
Telemark	1	0	1
Troms	3	0	3
Vest-Agder	1	2	3
Vestfold	2	4	6
Østfold	1	3	4
Sum	36	47	83

Kjelde: NSD

Del 1 V4.1 Utdanningstilbud etter fagområde og studielengd. Haust 2018

Fylke	0,5 år	1 år	1,5 år	2 år	Ørvig	Totalt
Humanistiske og estetiske fag	7	34	1	51	0	93
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	5	11	0	0	0	16
Mediefag	1	5	0	17	0	23
Økonomiske og administrative fag	83	41	2	3	0	129
Naturvitksapelege fag, handverksfag og tekniske fag	11	45	0	248	2	306
Helse-, sosial- og idrettsfag	30	248	0	1	0	279
Primærnæringsfag	6	10	3	0	0	19
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	10	18	1	26	4	59
Sum	153	412	7	346	6	924

Kjelde: NSD

Del 1 V4.2 Studiepoengproduksjon offentlege skular per fagområde. 2013–18

Fagområde	Offentleg					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Humanistiske og estetiske fag	2 010	1 170	810	660	270	420
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk				1 050	510	400
Mediefag	1 230	1 230	1 320	1 440	1 620	1 260
Økonomiske og administrative fag	2 262	1 182	2 254	935	1 859	1 888
Naturvitksapelege fag, handverksfag og tekniske fag	203 324	208 085	219 396	233 700	232 154	224 100
Helse-, sosial- og idrettsfag	19 064	23 977	24 899	27 507	32 295	32 589
Primærnæringsfag	986	1 289	2 766	2 418	3 401	1 452
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	31 211	37 075	37 207	39 783	37 297	31 719
Sum	260 087	274 008	288 652	307 493	309 406	293 828

Kjelde: NSD

Del 1 V4.3 Studiepoengproduksjon private skular per fagområde. 2013–18

Fagområde	Privat					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Humanistiske og estetiske fag	128 670	107 043	100 872	93 721	93 117	92 498
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk					1 072	3 466
Mediefag	31 446	22 814	16 079	12 108	12 721	11 617
Økonomiske og administrative fag	53 445	55 137	54 911	40 436	36 684	39 835
Naturvitksapelege fag, handverksfag og tekniske fag	45 050	45 824	41 429	37 656	31 309	32 858
Helse-, sosial- og idrettsfag	28 562	33 101	33 022	36 039	45 405	54 793
Primærnæringsfag	1 546	1 091	1 221	1 131	1 505	1 639
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	13 399	19 536	21 456	15 873	14 190	18 726
Uoppgitt fagområde		6 447	8 946	1 840		
Sum	302 117	290 993	277 935	238 803	236 002	255 431

Kjelde: NSD

Del 1 V4.4 Tal på fagskular etter fylke og fagområde. 2018

Fylke	Hum.es.	Ped	Media	Øk.adm	Tek	HS	Primær	SS
Akershus	3	1	1	1	1	2	0	0
Aust-Agder	1	0	0	0	1	1	0	0
Buskerud	0	0	0	0	1	2	0	0
Finnmark	0	0	0	0	1	0	0	1
Hedmark	1	0	0	1	1	0	1	0
Hordaland	1	0	0	1	2	2	1	1
Møre og Romsdal	1	0	0	0	2	1	0	2
Trøndelag	2	0	1	2	8	3	1	2
Nordland	1	0	1	1	2	1	0	2
Oppland	1	0	0	1	1	1	2	1
Oslo	7	2	1	7	5	5	0	8
Rogaland	1	1	0	1	2	2	0	2
Sogn og Fjordane	0	0	0	0	1	0	0	1
Telemark	0	0	0	0	1	1	0	0
Troms	0	0	0	0	3	2	0	1
Vest-Agder	2	0	1	1	2	1	0	1
Vestfold	1	0	0	0	1	3	0	2
Østfold	1	1	0	2	2	2	0	0
Sum	23	5	5	18	37	29	5	24

Kjelde: NSD

Forkorting av fagkoder

- ❖ Hum.es. = Humanistiske og estetiske fag
- ❖ Ped = Lærorutdanningar og utdanningar i pedagogikk
- ❖ Media = Mediefag (NUS-kategori er Samfunnsfag og juridiske fag)
- ❖ Øk.adm. = Økonomiske og administrative fag
- ❖ Tek = Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag
- ❖ HS = Helse-, sosial- og idrettsfag
- ❖ Primær = Primærnæringsfag
- ❖ SS = Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag
- ❖ Uoppgitt = Uoppgitt fagområde

Del 1 V4.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde 2018

Fagområde	Deltid	Heiltid
Helse-, sosial- og idrettsfag	4038	0
Humanistiske og estetiske fag	174	1695
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	248	0
Mediefag	1	236
Økonomiske og administrative fag	1125	418
Naturvitenskapelige fag, håndverksfag og tekniske fag	4368	2880
Primærnæringsfag	144	26
Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	205	1143
Total	10303	6398

Kjelde: NSD

Del 1 V4.6 Heil- og deltidsutdanningar etter fagområde, haust og vår 2018

Fagområde	Vår		Haust	
	Heiltid	Deltid	Heiltid	Deltid
Humanistiske og estetiske fag	51	12	57	14
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	0	7	0	7
Mediefag	8	2	8	2
Økonomiske og administrative fag	23	49	24	50
Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag	141	150	129	140
Helse-, sosial- og idrettsfag	0	175	0	150
Primærnæringsfag	4	14	3	16
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	37	10	36	12
Sum	264	419	257	391

Kjelde: NSD

Del 1 V4.7 Stad- og nettbaserte utdanningar og fagområde, haust og vår 2018

Fagområde	Vår			Haust		
	Stadbasert undervisning	Nettbasert undervisning	Nettbasert med samlingar	Stadbasert undervisning	Nettbasert undervisning	Nettbasert med samlingar
Humanistiske og estetiske fag	53	10	0	57	10	4
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	5	1	1	5	1	1
Mediefag	7	3	0	7	3	0
Økonomiske og administrative fag	37	28	7	38	31	5
Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag	183	19	89	166	21	82
Helse-, sosial- og idrettsfag	113	32	30	104	22	24
Primærnæringsfag	12	0	6	7	0	12
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	42	1	4	39	1	8
Sum	452	94	137	423	89	136

Kjelde: NSD

Del 1 V5.1 Tal på studentar i offentlege og private fagskular 2013-2018

År	Offentleg	Privat	Total
2013	7 301	9 025	16 326
2014	7 747	8 493	16 240
2015	8 044	7 403	15 447
2016	8 011	7 050	15 061
2017	8 280	7 410	15 690
2018	8 582	8 119	16 701

Kjelde: NSD

Del 1 V5.2 Fagskulestudentar ved offentlege og private fagskular etter fylke. 2018

Fylke	Offentleg	Privat	Totalt
Østfold	497	210	707
Akershus	283	1140	1423
Oslo	723	3368	4091
Hedmark	178	24	202
Oppland	964	38	1002
Buskerud	474	166	640
Vestfold	225	453	678
Telemark	537	197	734
Aust-Agder	178	50	228
Vest-Agder	317	885	1202
Rogaland	711	564	1275
Hordaland	1219	555	1774
Sogn og Fjordane	230	0	230
Møre og Romsdal	387	33	420
Trøndelag	888	377	1265
Nordland	253	51	304
Troms	440	8	448
Finnmark	78	0	78
Sum	8 582	8 119	16 701

Kjelde: NSD

Del 1 V5.3 Fagskulestudentar etter fagområde og eigarforhold. 2018

Fagområde	Offentleg	Privat	Totalt	% offentlig	% privat
Humanistiske og estetiske fag	17	1 852	1 869	0,9	99,1
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	30	218	248	12,1	87,9
Mediefag	14	223	237	5,9	94,1
Økonomiske og administrative fag	77	1466	1543	5,0	95,0
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	6177	1071	7248	85,2	14,8
Helse-, sosial- og idrettsfag	1434	2604	4038	35,5	64,5
Primærnæringsfag	144	26	170	84,7	15,3
